

*Louis Hoasdal*

INSTITUTT FOR PLANFAG  
OG RETTSLÆRE  
POSTBOKS 29 1432 ÅS-NLH

\*\*\*\*\*

## GARDSSTYRE

EIN ANALYSE AV ORGANISERT SAMARBEID i KLYNGJETUN

AV

TORUNN MARIE LØNE VINJE

\*\*\*\*\*

HOVUDOPPGÅVE VED NORGES LANDBRUKSHØGSKULE

INSTITUTT FOR PLANFAG OG RETTSLÆRE

1991

Norges Landbrukshøgskole  
21. MAI 1991

\*\*\*\*\*

# GARDSSTYRE

EIN ANALYSE AV ORGANISERT SAMARBEID i KLYNGJETUN

AV

TORUNN MARIE LØNE VINJE

\*\*\*\*\*

HOVUDOPPGÅVE VED NORGES LANDBRUKSHØGSKULE

INSTITUTT FOR PLANFAG OG RETTSLÆRE

1991

**NORGES LANDBRUKSHØGSKOLE**  
**INSTITUTT FOR PLANFAG OG RETTSLÆRE**  
 AREALPLANLEGGING \* EIENDOMSUTFORMING \* JORDSKIFTE

POSTBOKS 29, 1432 ÅS-NLH \* TELEFAKS 09-948400 \* TLF 09-948370

**HOVEDOPPGAVE**

<p>TITTEL Gardsstyre - ein analyse av organisert samarbeid i klyngjetun</p>	<p>IDENTIFIKASJON/DATERING</p>
<p>FORFATTER(E)  Torunn Marie Løne Vinje</p>	
<p>EKSTRAKT PÅ NORSK                  Denne oppgåva handlar om organisert samarbeid i norske klyngjetun i det gamle bondesamfunnet. Den set søkeljos påfellestrekka med danske og svenske bylag/byalag. Arbeidet er basert påskriftlege kjelder og på eige feltarbeid. Det er drøfta kva slags oppgåver som samarbeidet handla om, regelverk, organisasjonsoppbygging, leiarval og leiarfunksjonar.</p>	
<p>ENGLISH ABSTRACT                   Organization and joint use within multiple farms/hamlets of Norway. The thesis compares information from Norway with organization and villages in Sweden and Denmark. Joint, organized functions, organization and leadership.</p>	
<p>4 EMNEORD PÅ NORSK  samarbeid organisering klyngjetun gardsfut</p>	<p>4 EMNEORD PÅ ENGELSK  joint use collaboration multiple farms olderman</p>

Bibliografisk referanse i fortløpende tekst:  
 ETTERNAVN, FORNAVN, Trykkeår, Tittel, Utgiver, Utgiversted, Antall sider, Evt. ISBN-nr.  
 Vinje, Torunn Marie Løne, 1991, Gardsstyre -ein analyse av organisert samarbeid i klyngjetun, Institutt for Planfag og Rettslære, ÅS-NLH, 109 s.

Tingstaden på Lothe i Nordfjord:

"Han var bygd på likskap  
og samhald, - utan  
styrar eller styre og  
utjanoverklasse eller  
underklasse med faste  
uskrivne lover, -  
moralsk, sosialt,  
politisk. Det var  
soleis eit  
anarkistisk -  
kommunistisk - eit  
mynstersamfund".

(A. Lothe 1958)

## FØREORD

Denne oppgåva set punktum for studiet mitt ved Norges Landbrukshøgskule. Oppgåvetemaet var eit forslag frå instituttet og interessa for lokalhistorie, og ikkje minst klyngjetuna, gjorde at eg valgde å skriva denne oppgåva.

Eg må fyrst og fremst få takka Rigmor Frimannslund Holmsen, som i mange år leia ein del av innsamlingsarbeidet til Institutt for Sammenlignende kulturforskning. Ho har gjeve meg løyve til å nytta materiale som er reservert henne til bearbeiding. Utan dette materialet hadde oppgåva vorte "tunnare".

Eg vil takka Endre Haugen, jordskiftedommar ved Lista jordskifterett som viste meg rundt på Lista og lot meg få nytta kopieringsmaskina på kontoret deira.

Vidare vil eg takka Stein Tveite, professor i landbrukshistorie ved NLH, som flittig skreiv om dei gamle gotisk, handskrivne dokumenta eg fann i månadsskifte april/mai.

Vidare må eg få takka alle som lånte bort protokollane sine til meg og som gav meg nyttige opplysingar om gardsstyra sin eksistens. Det gjeld alle både på Lista, på Nesheim i Granvin og på Henja i Leikanger.

"Nynorsk-folk" veks ikkje på tre i dette området, så takk til Aase Richter som trossa alt og tok på seg å lesa igjennom oppgåva og retta ein del av feila.

Til slutt vil eg takka rettleiar som har vore professor Hans Sevatdal, for all hjelp under arbeidet.

ÅS - NLH 21.15.1991

*Torunn Marie Løne Vinje*

Torunn Marie Løne Vinje

1.	INNLEIING . . . . .	1
1.1	<u>Målsetjing</u> . . . . .	2
1.2	<u>Oppbyggjing av framstillinga</u> . . . . .	3
1.3	<u>Metode</u> . . . . .	4
1.4	<u>Avgrensing</u> . . . . .	6
1.5	<u>Tidlegare arbeid</u> . . . . .	7
1.6	<u>Definisjonar</u> . . . . .	8
	DEL I . . . . .	10
2	NORDISKE ORGANISASJONSFORMER FRÅ MELLOMALDEREN . . . . .	10
2.1	<u>Norske gilde</u> . . . . .	10
2.2	<u>Danske gilde</u> . . . . .	12
2.3	<u>Danske bylag</u> . . . . .	13
2.3.1	<u>Bylaga sine vedtekter</u> . . . . .	14
2.3.2	<u>Bylaga sine oppgåver</u> . . . . .	15
2.3.3	<u>Oldermannen</u> . . . . .	17
2.4	<u>Svenske byalag</u> . . . . .	18
2.5	<u>Dugnad og bealag i Noreg</u> . . . . .	22
3	REGLAR OM GRANNETILHØVE . . . . .	24
3.1	<u>Beitereglane</u> . . . . .	25
3.2	<u>Gjerdereglane</u> . . . . .	26
	DEL II . . . . .	28
4	DEI NORSKE GARDSSTYRA . . . . .	28
4.1	<u>Lokalisering av gardsstyra</u> . . . . .	28
4.2	<u>Gardsstyra sine fysiske grenser</u> . . . . .	31
4.3	<u>Om samarbeid i klyngjetuna</u> . . . . .	32
4.4	<u>Karakteristikk av områda</u> . . . . .	35
4.5	<u>Gardsstyra i historisk litteratur og kjeldemateriale</u> . . . . .	39
5	GARSDSTYRA SINE ARBEIDSOPPGÅVER . . . . .	42
5.1	<u>Avtalar om samarbeid</u> . . . . .	42
5.1.1	<u>Vedtekter</u> . . . . .	44

5.1.2	<u>Forlik</u> . . . . .	46
5.1.3	<u>Jordskifte som vedtekt</u> . . . . .	51
5.2	<u>Gardsmøta</u> . . . . .	57
5.3	<u>Protokollar</u> . . . . .	58
5.3.1	<u>Innkalling og tidspunkt for møta</u> . . . . .	63
5.3.2	<u>Møterett og møtestad</u> . . . . .	64
5.4	<u>Kva praktiske oppgåver gardsstyra tok seg av</u> . . . . .	67
5.4.1	<u>Regulering av beiterettane</u> . . . . .	67
5.4.2	<u>Regulering av tarerettane</u> . . . . .	69
5.4.3	<u>Gardsstyret på Stave sine oppgåver</u> . . . . .	71
5.4.4	<u>Felleskassa på Stave</u> . . . . .	73
5.4.5	<u>Oppgåver til dei andre gardsstyra på</u> <u>Lista</u> . . . . .	74
5.4.6	<u>Oppgåver til gardsstyra utafør Lista</u> . . . . .	76
5.5	<u>Løysing av tvistar</u> . . . . .	78
5.5.1	<u>Raunehussaka</u> . . . . .	81
6	<u>GARDSFUTEN</u> . . . . .	82
6.1	<u>Utnemninga</u> . . . . .	82
6.2	<u>Gardsfuten sine oppgåver</u> . . . . .	85
6.3	<u>Tittel</u> . . . . .	88
6.4	<u>Godtgjerdsle</u> . . . . .	91
7	<u>GARDSSTYRA I SEINARE TID</u> . . . . .	93
8	<u>DRØFTING</u> . . . . .	96
8.1	<u>Samanlikning av dei norske gardsstyra</u> . . . . .	96
8.2	<u>Fellestrekk mellom gardsstyre og bylag</u> . . . . .	104
	<u>SAMANDRAG</u> . . . . .	107

LITTERATURLISTE

VEDLEGG

## 1. INNLEIING

Hausten 1984 var feltarbeidet til hovudkurset ved institutt for Jordskifte og Arealplanlegging, NLH, lagt til Lista. Der kom studentar og tilsette over interessante opplysingar om tradisjonelt organisert samarbeid på gardane som framleis eksisterte. Det viste seg at fleire gardar hadde eller hadde hatt eit gardsstyre der ein gardsfut eller rekneskapsfører leia arbeidet. Instituttet såg dette som interessant og meinte at forholdet burde undersøkjast nærare.

Den rådande oppfatninga mellom historikarane er at Noreg ikkje har hatt noko liknande dei danske landsbyane og dei svenske byane. I staden vert det hevda at enkeltmannsgardane dominerte her i landet i eldre tid og at klyngjetuna utvikla seg med garddelinga. Det er velkjent at samarbeidet i dei danske landsbyane og dei svenske byane var organisert, men det har ikkje vorte lagt vekt på å undersøkja kor vidt klyngjetuna har hatt noko liknande. Det ser heller ikkje ut til at det har vorte utført samanliknande studiar mellom landsbyane og klyngjetuna si organisasjonsform.

Lista er eit av dei områda i landet der bruksdelinga var sterkast. Gardane hadde mange og små bruk. Framleis ligg husa til mange av bruka på gardane samla i rekkjer eller i klyngjer - landsbystrukturen er enno synleg og sterk på ein del gardar. Jordskifteprosessen har til i dag ikkje greidd å løysa opp hopehavet. Dette har gått lettare mange andre stadar, og både klyngjetuna og hopehavet er så godt som borte ellers i landet. Med individualiseringa av bruka ved jordskifte forsvant òg eit eventuelt, tradisjonelt behov for organisert samarbeid. Likevel finst der gardar som har oppretthalde samarbeidet i meir eller mindre tradisjonell form.

Institutt for Sammenlignende Kulturforskning - IFSK - vedtok i 1928 å starta opp med undersøkingar om tilhøva i det norske



bondesamfunnet. Undersøkinga hadde som mål å samla inn opplysingar om tilhøva i heile landet og var delt i tre bolkar:

1. Sæterbruket - systematisk innsamling av kjeldetilfang om sæterbruket i Noreg som starta opp i 1933
2. Gardssamfunnet - "Garden sjølv" - systematisk innsamling av kjeldetilfang om garden som den fysiske eininga
3. Grannesamfunnet - systematisk innsamling av kjeldetilfang om samfunnslivet som var knytta til gard og grend

Til den systematiske innsamlinga av opplysingane som lokale medarbeidarar stod for, vart det utarbeidd omfattande spørsmålslistar. Resultatet av innsamlingsarbeidet var at ein fekk samla store mengder opplysingar om tilhøva i det gamle bondesamfunnet, som ellers kunne ha gått tapt. Det vart m.a. samla opplysingar om organisasjonsformer i dei gamle klyngjetuna. Ein del av materialet er bearbeidd og kome ut i bokform, men det er og ein del som ikkje er kome ut enno. Materialet som vart samla inn ligg no i Riksarkivet.

### 1.1 Målsetjing

Ut i frå det som er peika på ovafor, har eg som målsetjing med oppgåva å sjå på det organiserte samarbeidet i klyngjetuna. Sidan Lista har peika seg ut som eit kjerneområde er det lagt størst vekt på dette området. Utgangspunktet er folkelege organisasjons- og samvørsformer som har eksistert i Noreg, Danmark og Sverige frå seinmellomalderen og fram mot nyare tid, og reglar som regulerte tilhøva mellom grannar i bondesamfunnet i Noreg. Eit viktig grunnlag for oppgåva har vore materialet til IFSK

Eg vil med dette:

1. Analysera dei gardsstyra eg har funne fram til, for å sjå om dei har hatt ei nokolunde einsarta organisasjonsform. Med det siktar eg til om:

- \* gardsstyra hadde einsarta retningslinjer å arbeida ut frå
- \* gardsstyra tok seg av dei same oppgåvene, og om dei hadde ein einsart måte å løysa dei på
- \* gardsstyra var bygd opp på ein einsarta måte

- 2) Freista å finna ut kva for fellestrekk det er mellom desse gardsstyra og danske og svenske bylag.

## 1.2 Oppbyggjing av framstillinga

Framstillinga er delt i to.

### Del I:

Eg vil med denne delen visa kva folkelege, lokale organisasjonsformer som fanst i bondesamfunnet i Noreg, Danmark og Sverige frå seinmellomalderen og fram mot nyare tid og kva likskapar som fanst mellom dei. Vidare vil eg peika på lover som regulerte tilhøva mellom grannar i bondesamfunnet.

### Del II

Vil her visa kva retningslinjer gardsstyra arbeidde etter, kva oppgåver dei tok seg av og kven som leia arbeidet. Drøftingane har eg valt å ta i eit eige kapittel til slutt

### 1.3 Metode

Oppgåva er skrivi på grunnlag av:

- 1 tidlegare undersøkingar
- 2 personleg intervju
- 3 spyrjeundersøking i form av brev
- 4 gjennomgåing av gardsprotokollar
- 5 litteraturstudie

1. Delar av undersøkinga "Gards- og grannesamfunnet" som Institutt for Sammenlignende kulturforskning -IFSK - føretok på 1940-50-talet har vore eit viktig grunnlag for oppgåva. Dei delane av undersøkinga som eg har nytta er:

\* Gardsskipnad, distriktsgranskinga "Garden sjøl" (IFSK 2). Opplysingane eg har nytta frå denne delen gjeld gardane Vest-Vere og Aust-Vere på Lista.

\* Grannesamfunnet (IFSK 3). Eg valde her å sjå på del E som har spørsmål om organisasjon og styring, og har spørsmål om fylgjande:

- \* grannestemne
- \* grannehovding
- \* nyare organisasjonsformer
- \* skrivne vedtek

2. Feltarbeid med personleg intervjuing, vart lagt til Lista fem dagar sumaren 1990. Arbeidet vart gjort på grunnlag av opplysingar frå landbrukskontoret i Vanse. Eg intervjuar hovudsakleg gardsfutar, og fekk opplysingar om i alt 14 gardsstyre.

I januar 1991 føretok eg eit intervju på Nesheim i Granvin. Tilleggsopplysingar om Henjagrendi grannalag har eg fått i via telefon og brev.

Føremålet med feltarbeidet var å få:

- \* oversikt over omfanget
- \* samla inn eventuell dokumentasjon
- \* opplysingar om korleis "institusjonen" var bygd opp
- \* kva oppgåver dei tok seg av
- \* korleis den fungerte
- \* kva retningslinjer dei arbeidde etter

Det varierte sterkt kva informantane visste om gardsstyra frå tidlegare tider, og opplysingane eg fekk har ikkje gjeve grunnlag for systematisering. I staden vert dei trekt inn i oppgåva alt etter som det høver.

3. Vinteren 1991 vart det sendt ut ei spørjebrev til dei gardane på Lista som eg ikkje fekk vitja. Dette var for å få slått fast kor mange gardar som hadde gardsstyre. Dei som ikkje svara vart ringde opp. Eit par lukkast det ikkje å få tak i (brev og spørsmål i vedlegg nr 1). Det har ikkje vore grunnlag for eit systematisk oppsett av desse svara då det berre var eit fåtal som gav svar på alle spørsmåla. Materialet har vore nytta for å få stadfesta omfanget av gardsstyra på Lista.

4. Eg har gjennomgått protokollar og forskjellige avtalar som eg fekk høve til å kopiera på Lista og Nesheim i Granvin (vedlegg nr 2), tilsaman ca 1500 sider.

5. Lokalhistorisk litteratur som bygdebøker og gardsbøker har vorte nytta for å få meir informasjon om gardsstyra, og for å få føreteke ei nærare loklisering. Anna historisk litteratur har vorte nytta for å gje grunnleggjande informasjon om folkelege organisasjons - og samværsformer i Noreg og andre nordiske land frå sein-mellomalderen og fram til nyare tid.

#### 1.4 Avgrensing

Eg har måtta avgrensa oppgåva på fleire område:

\* Vedrørande dokumentasjonen av gardsstyre på Lista har eg halde utafør ein del omfattande kjeldemateriale som kunne ha vore av interesse:

systematisk gjennomgåing av:

- \* forliksprotokollar
- \* jordskiftesaker - rettsbøker og anna dokumentasjon
- \* forlik i pantebøkene

Eg har i staden nytta meg av bygdebøkene som har ein del opplysingar frå dette materialet.

For dokumentering av gardsstyra utafør Lista har eg i hovudsak nytta meg av eksisterande litteratur.

\* I del II har eg ikkje gjort vidare forsøk på å gå lenger bakover i tid enn 1800 når det gjeld dokumentering av gardsstyra.

\* Eg har lagt lite vekt på å samla opplysingar om korleis gardsstyra har fungert etter 1940.

\* Eg har ikkje lagt vekt på å belysa teigblandinga og hopehavet i skog for å dokumentera behovetfor organisering ut frå den synsvinkelen.

\* Oppgåva er avgrensa til å gjelda ein del av klyngjetunområdet - frå Vest-Agder til og med Møre og Romsdal.

### 1.5 Tidlegare arbeid

Samanfattande arbeid på dette temaet ser ikkje ut til å vera gjort tidlegare. Emnet har vorte teke opp som del av, eller i samband med andre tema. Fylgjande litteratur har omtala gardsstyra, og om ikkje anna er nemnt byggjer opplysingane om dei respektive gardane på denne litteraturen:

gard/kommune - forfattar/årstal/tittel

---

AUSTAD i Flekkefjord:

Seland(1986): "Foreningernes Tid", Fellesskap og foreningsvekst i Nes Sogn , Vest-Agder

DJUPVIK i Flekkefjord:

Frimannslund Holmsen(1956): Farm and Neighbourhood Community

FRØYSA på Stranda:

Larsen (1981): Naboskap på et vestnorsk mangbølt klyngetun i historisk og komparativt perspektiv

LOTHE i Nordfjord:

Lothe(1958): Soga um Lothe

NESHEIM i Granvin:

Kvalem (1977) Ein særmerkt granneskipnad frå Nesheim i Granvin

MUSGJERD i Sunndalen:

Østberg(1928): Norsk bonderet, bd.V

SEKSE i Ullensvang:

Opedal(1954): Makter og Menneske

SÆTEN i Stryn:

Taksdal(1977): Gardfutboka på Sæten fortel

## 1.6 Definisjonar

Eg har i denne delen valgt å klargjera ein del omgrep som vert nytta i oppgåva. Definisjonane er ikkje uttømande og vert berre presisert eit stykke på veg.

BRUK -<sup>1)</sup> minste eining i matrikkelsystemet - bruksnummer

<sup>2)</sup> ei driftseining i jordbruket - eit gardsbruk

BYALAG - det organiserte samarbeidet i svenske byar

BYLAG - det organiserte samarbeidet i danske landsbyar, vert nytta i generell omtale av både danske og svenske forhold

GARD - er den eininga som i matrikkelen har eit gardsnummer - matrikkelgarden - . Garden kan bestå av fleire bruk i tydinga driftseining. Me har også anna meiningsinnhald i omgrepet, både i dagleg tale og i historisk litteratur t.d. "namnegard". Både Holmsen (1979) og Sevatdal (1980) har føreteke grundigare definisjonar av omgrepet.

GARDSFUT - er den personen som leia arbeidet i gardsstyra og ordet vert nytta i generell nemning for denne institusjonen. Der det vert sikta til eit spesielt gardsstyre vert det nytta den nemninga dei hadde på leiaren.

GARDSMØTE - er ei samling som alle oppsitjarene hadde rett til å vera med på. Møta galdt heile garden eller dei gardane som hadde felles gardsstyre. Det kunne vera eit eller fleire gardsmøte kvart år.

GARDSSTYRE - er ei form for organisert samarbeid som har vore leia av ein eller fleire personar.

KLYNGJETUN - karakterisert ved at husa til fleire bruk var samla på eit lite geografisk avgrensa område. Omfattar også rekkjetun.

OPPSITJAR - den personen som har bruksretten over den  
einskilde driftseininga. Ofte synonymt med "bonden" eller  
"brukar", men ikkje nødvendigvis med eigar.



## DEL I

### 2 NORDISKE ORGANISASJONSFORMER FRÅ MELLOMALDEREN

For å få eit perspektiv på det organiserte samarbeidet i bondesamfunnet i Noreg etter mellomalderen ser eg det som viktig å skildra ulike organisasjonsformer som har funnest i Noreg, Danmark og Sverige frå melommalderen og inn i nyare tid. Med "nyare tid" siktar eg til tida etter reformasjonen. Eg har fyrst valgt å sjå på gilda - bondegilda -, som er den eldste folkelege organisasjonsforma ein kjenner frå bondesamfunnet. Mykje tyder på at dei i stor grad var bygd opp på same måte og hadde dei same oppgåvene i dei nordiske landa, og eg tek utgangspunkt i dei norske sidan dei har dei fylldigast kjeldene.

Deretter vil eg ta føre meg bylaga som er dei danske og svenske landsbyane si organisasjonsform, og tek utgangspunkt i dei danske.

Til slutt vil eg visa kva meir uformelle samkomer som fanst i det norske bondesamfunnet som dugnad og bealag.

#### 2.1 Norske gilde

Gilde er eit norrønt ord som tyder betaling, eller samskipnad av folk med sams interesser (ROBBERSTAD 1976,s.252) og oppstod i bondesamfunnet i heidensk tid. Gilda hadde som føremål at medlemane skulle yta kvarandre hjelp i nødssituasjonar og fungerte som samvirketiltak med gjensidige forsikrings-og hjelpeordningar.

Gilda sine viktigaste kjelder er gildeskråane - lovreglane -. Dette er vedtekter gildemedlemene fastsatte og måtte retta seg etter. Skråane hadde m.a. reglar for gildemøta og om hjelp til andre medlemar som var i nød.

Flest skråar er funne i Noreg. Den eldste, frå Mikalgildet i Nidaros, er frå 1100-talet, og den yngste, frå Olavsgildet Onarheim på Tysnes, er frå slutten av 1400-talet.

Storleiken på gilda varierte. Mikal-gildet omfatta store delar av Trøndelag, medan Olavsgildet på Onarheim dekkja mindre delar av Hordaland. Der fanst det mindre gilde både på Stord, Øystese og Voss.

Gilda var eit samlag med eit ordna styre som hadde ein forstandar - ein oldermann -. Oldermann kjem av det engelske ordet ealdor, og tyder den eldste, og har samanheng med førestillinga om at det var dei eldste som var samfunna sine leiingar (MEYER 1949 s.45). Det var denne personen som leia samkomene, og førde tilsyn med at alt gjekk etter reglane (JOHNSEN 1936). Gildestemnet, som var ein stor fest midtsumars, var det religiøse, sosiale og selskaplege høgdepunktet for gilda.

Viktige oppgåver var å sikra medlemene ved ulykker (JOHNSEN 1936), m.a ved brann. Dersom huset eller fjosen til ein gildebror brann eller vart øydelagd ved ei anna ulykke måtte dei andre trø støttande til. Då måtte dei vera med på å byggja opp att bygningen og yta eigaren noko erstatning av det han tapte av fôr, korn eller husdyr. Gildestemna kunne òg døma i indre tvistar (ROBBERSTAD 1976 s.252).

Jamføre Onarheimsskråa, frå 1400-talet, tyder det på at gilda etter kvart fekk eit sterkare religiøst preg over seg, men dei festlege samkomene stod fortsatt stod sterkt. Johnsen (1936) meiner at årsaka til dette kom av det store tapet av menneske under svartedauen. Ulykka som ramma folket gav seg utslag i eit strengare religiøst preg og det vart vanskeleg å oppretthalda det gamle forsikrings- og stønadssystemet.

At samkomene utvikla seg til å få ei blandinga av religiøse og festlege innslag, fall ikkje i god jord hjå den katolske kyrkja. Resultatet vart at Kristian III sette forbod mot dei

norske gilda og dei fleste fall truleg bort på 1500-talet (ROBBERSTAD 1976 s.253).

Det er mogeleg at gilda kan ha påverka seinare tids folkelege organisasjonsformer i Noreg, men eg har ikkje funne litteratur som har teke føre seg dette forholdet.

## 2.2 Danske gilde

Eg vil i denne delen visa korleis forholdet mellom dei danske gilda og bylaga var, utfrå slik som Meyer (1949) har skildra det.

Dei danske gilda var den fyrste folkelege skipnaden som er kjent på landsbygda i Danmark.

Dei fyrste skriftlege kjeldene er frå tidleg mellomalder, men dei fleste er frå sein-mellomalderen. Den eldste kjende skråen som er for Bornholm frå 1554, inneheld få reglar om landbruksrettslege tilhøve. Meir omfattande reglar om dette finn ein i skråar frå slutten av 1500-talet. Her ser ein at gilda ivaretok ein del av dei interessene bylaga stod for.

Det er påvist at vørnegilda og bylaga påverka kvarandre gjensidig. Skråane er likevel dominert av gildereglane, og seinare ser ein at landsbyvedtektene vart sterkt påverka av gildereglane. Dei få reglane som var felles for både organisasjonane gjekk på plikta til å hjelpa grannar som vart sjuke om hausten, eller som miste trekkdyr om våren.

Mykje tyder på at gilda og bylaga levde side om side, men at gilda stod sterkare i dei områda der bylaga var lite utbreidd, som på Bornholm. Eit unnatak som må nevntast er Skåne som fram til 1680 låg under Danamrk. Der er det ikkje funne ei einaste landsbyvedtekt som ber preg av gildeskikkar.

### 2.3 Danske bylag

Landsbyane i Danmark og byane i Sverige er det som nærast kan samanliknast med dei norske klyngjetuna. Føremålet med denne delen er å visa korleis landsbyane var organisert.

Oppbyggjinga og føremålet til dei danske og svenske bylaga var nokså like. Kapitla om både dei danske og svenske bylaga er, om ikkje anna er nemnt, bygd på Meyer si bok "Danske Bylag" (1949).

Landsbyen avløyste ein eldre slektsorganisasjon og måtte ta på seg ansvaret med å tryggja medlemene i landsbyfelleskapet. Frå eldre tid utgjorde bøndene i landsbyen eit lag. Dette hadde smanheng med det utstrakte jordfelleskapet som var på den tid. Bylaga ivaretok fyrst og fremst dei landbruksrettslege interessene til bøndene.

Dei fyrste handfaste prova på bylag finn ein i landskapslovene. Skånske Lov frå 1206, har reglar som nyttar ordet gatestevne, medan Erik sjællandske Lov, frå ca 1250, skriv om grannestevne.

Det er mykje som talar for at alt på landskapslovene si tid, på 1200-talet, hadde landsbyen utvikla ei viss form for sjølvstyre og domsmynde. Det er ikkje grunnlag for å tru at oldermannsvervet var vanleg så tidleg, og det vert hevda at oldermannsvervet i gilda og i bylaga ikkje hadde nokon tilknytning til kvarandre. Korkje heradstinget eller landstinget hadde noko fast leiing med særlege embetsmenn på den tid. Hadde bylaga hatt oldermenn ville det ha vore eit avvik frå dåtida si førestelling om demokratiske folkeforsamlingar.

Den fyrste lovfesta regelen om landsbyane sitt sjølvstyre og tingsmynde kom i den Fynske vedtekta av 1492. Av denne kan ein utleia at landsbyvedtektene var vanlege alt då, og

sannsynleg var av langt eldre dato. Dei eldste kjende vedtektene er frå fyrste halvdel av 1500-talet. Den eldste frå ca 1500, viser ein skipnad med fullt utvikla landsbystyre med oldermann, faldsmann og gildeskikkar. Reglar om beiting var òg teke med.

Bortsett frå lovreglane som heimlar bylaget sitt sjølvstyre finst det så godt som ingen opplysingar om landsbystyret i lovgjevinga før siste halvdel av 1700-talet. Dette heng saman med at styresmaktene ikkje nytta bylaga som ei administrativ eining i arbeidet sitt, likevel ivaretok dei mange offentlege oppgåver.

Bylaget sin sjølvstendige stilling haldt seg gjennom 1600-talet, men på 1700-talet byrja herregårdseigarane å blanda seg inn i bylaga sine indre tilhøve. Dei nye utskiftingslovene på 1780-90-talet la grunnen for ei meir effektiv utskifting. Rundt 1800 var fellesskapet oppheva på over halvparten av Danmark sitt landareal og i 1837 var berre 1% av arealet i fellesskap.

### 2.3.1 Bylaga sine vedtekter

Med vedtekta for Fyn frå 1492 kom dei danske landsbystyra inn i meir ordna former. Etter denne vart det høve for bymennene å fastsetja reglar om gjerding, grinding, grøfting og reglar om korleis markefreden skulle oppretthaldast. Brot på dei lovleg fatta vedtektene kunne straffast med bøter. Noka klar avgrensing for kva vedtektene kunne omfatta, var det ikkje.

Prinsipielt måtte ikkje vedtekta vera i strid med den vanlege lovgjevinga. Unnatak galdt for jordbruket, der var det heimla i Danske Lov at reglane kunne fråvikast på dette feltet. På mange område godtok styresmaktene stillteiane ei utfylling og utviding av reglane.

Vedtektene er det viktigaste kjeldegrunnlaget for dei danske bylaga. Både i danske og skånske tingbøker finst det mange vedtekter. Opp gjennom tidene har dei vorte innlevert til fornying eller nytta som vitneprov i rettssaker.

### 2.3.2 Bylaga sine oppgåver

Bylaga tok seg fyrst og fremst av jordbruksrettslege oppgåver som galdt garden, men dei engasjerte seg og i sosiale oppgåver.

Den viktigaste saka var å oppretthalda markefreden. Reglane om markefreden bygde på gjeldande lover om gjerdeplikt og beiterett. Når marka var fredlyst måtte alle husdyra vera på beite. Ingen kunne la dei gå lause, tjora eller gjeta dei på eigen grunn. Dette var eit gamalt forbod som er å finna i mange vedtakter og høyrde til dei eldste.

I Skånske lov av 1206 galdt regelen om at ingen kunne sleppa fleire dyr på beite enn kva han kunne fø på garden om vinteren. I den same lova var det òg ein regel om at grannane i byen skulle fastsetja samlingsdag for å sjå etter at alle gjerda var satt i forsvarleg stand etter gjeldande reglar. Gjerda skulle vera av ein slik stand at dei haldt husdyra borte frå marka i tidspunktet mellom såing og hausting. Dette var det få reglar om ellers i landskapslovene.

Braut husdyr seg gjennom lovleg gjerde og valda skade på marka, var regelen den at skaden skulle erstattast av den som var ansvarleg for gjerdinga. Var gjerdet i forsvarleg stand var det eigaren av husdyra som måtte ta ansvaret. Vedtektene hadde i stor grad dei same reglane som lovene på dette feltet.

Tidspunktet for gjetinga var ofte fastsatt i vedtektene. Det var vanleg at den starta på den tid marka var freda og husdyra

skulle haldast utafør gjerda. Gjetaren vart tilsatt av bystevnet. Lønna var som oftast delvis kost og delvis kontant lønn. Utgiftene for bøndene vart dekkja etter kor mange dyr dei hadde på beite, og sjeldnare etter skyld. Det er og funne døme på at gjetinga gjekk på omgang mellom bøndene. Gjetaren kunne vera pålagd å føra tilsyn med gjerda om sumaren. I tillegg eller i staden for gjetar kunne landsbyen ha ein eller fleire markmenn. Dette var verv som kunne vera tillagt ulike oppgåver som oppsyn og ansvar for gjerding og grindhald. Det var vanleg og akseptert av domsmakta at bylaget ivaretok ordensmessige saker og gjorde vedtak av politimessig art. Det kunne t.d. vera brannføreskrifter. Derimot var det ikkje fullt ut akseptert at det vart gjort vedtak om straff overfor grannar som hadde gjort seg skuldige i brot på arbeidsplikter på garden.

Det var eit utbreiddt ynskje om å halda all strid innafor bylaga, og det er ingen tvil om at dette galdt dei fleste sakene. Både rettsavgjersler og vedtekter gjev eit levande inntrykk av at bylaga verka som eit forliks- eller meklingsorgan. Det vart sett på som eit brot mot den indre solidaritet om ein granne stevne ein annan for tinget før han hadde klaga til oldermannen.

I Skåne, der bøndene hadde ei mykje friare stilling særleg etter at dansketida var slutt, finn ein i stort omfang at tvistar i bylaga vart løyst i herradsretten. Tingbøkene gjev ein peikepinn på kva landsbyane ikkje ordna opp i sjølve. Ein finn òg utsagn om bylaget si daglege verksemd som kom fram under vitne- og partsforklaringar. Utsegnene er ofte nøkkelen til korleis ein verkeleg kan forstå vedtektene sin sanne karakter. Ein skal ikkje sjå bort frå at dei i ein viss grad stiller opp eit idealbilde av bylaget og deira verksemd. Vedtekta vart ofte utforma av prest eller husbonde og innheld ei rekkje forbod og påbod som i mange tilfelle aldri vart overhalde.

Forutan herradsretten sine tingbøker har materiale frå landstinga, dombøker frå kongen sitt rettarting og høgsterettsprotokollar vore viktige kjelder for landsbystyra sine oppgåver.

### 2.3.3 Oldermannen

Oldermannen var den personen som var satt til å leia arbeidet i bylaga. Titlar som vart nytta i staden for oldermann var m.a; byfogd, byforstandar, grannefogd og bondefogd.

Oldermannen sine oppgåver gjekk ut på å:

- \* sjå etter at reglane i vedtektene vart etterlevd
- \* døma rettferdig etter gjeldande reglar
- \* kalla inn til bystevne
- \* ta dei rette avgjerdsleane for byens ve og vel

At oldermann ikkje er nemnt i mange vedtekter betyr ikkje at han ikkje eksisterte. Dei eldste vedtektene overlot lite ansvar til oldermannen eller til andre tillitsvalde. Både avgjerdsler om tvistar og innkrevjing av bøter vart gjort i fellesskap av alle bøndene. I mange detaljerte vedtekter er ikkje andre organ enn bystevnet omtalt. Dette stemmer òg overeins med dei eldste tyske vedtektene og landrettane der det går klart fram at oldermannen berre var ein slags fullmektig for bystevnet.

Det mest vanlege var likevel at bylaga hadde ein oldermann, men det finst òg døme på at det kunne vera to. Grannelaga kunne gå saman om ein oldermann og hadde då felles bylag. Vanlegvis var det berre bønder som kunne vera oldermann og ingen kunne dra seg unna dette vervet, om dei då ikkje betalte seg fri. Oppgåva gjekk som oftast på omgang og dei hadde vervet eit år om gongen.



Vidare måtte han stå til ansvar for verksemda si overfor bylaget. I eit visst omfang var han òg ansvarleg for dei andre borgarane si framferd overfor nabobyar og andre.

Det er uklart om det var vanleg at oldermannen fekk godtgjerdsle for verksemda si. Men det finst både eldre og yngre vedtekter frå ulike delar av landet som viser at det vart gjeve lønn, som regel var det retten til utnytting av ein ressurs på garden.

Etter kvart synest oldermannsvervet å verta ein slags kommunal institusjon - eit borgarleg ombod-, som bymannen var pliktig til å ta på seg. Ved innføringa av eit sogneforstandarskap i 1842 skjedde det so store endringar i sokna sine gamle styre former, at oldermannen sin rolle i det vesentlege var utspelt.

#### 2.4 Svenske byalag

Kjelder viser at også den svenske byen i stor grad fungerte som ei organisatorisk eining. På landskapslovene si tid og fram til nyare tid var det sognestyra som hadde størst påverknad på byane sitt sjølvstyre. Sognestyra var kyrkja sin lokale organisasjon og engasjerte seg fyrst og fremst i saker vedrørande ho. Dei tok seg òg av saker av både sosial og landbruksrettsleg karakter - saker som i Danmark vart avgjort i landsbystyra. Sjølvne nemninga sognestemme finst ikkje i landskapslovene og kom fyrst inn med landslova i 1442.

Dansk kyrkjerett hadde ikkje noko tilsvarande organ. Det einaste området der sognestevna fungerte som organ for sjølvstyret, var på Bornholm, der det òg er funne få byalg.

Den eldste kjente byalags-vedtekta frå Skåne er frå 1594 (ERIXON 1953/54). Det er ikkje funne byordningar i Sverige frå mellomalderen og svært få frå 1600-talet og dei svenske

landskapslovene gjev langt ferre opplysingar om byalaga enn dei danske. Svenske byalag var mest utbreidd i Skåne før mønsterbyordninga kom i 1742.

Dei fleste vedtektene som er frå før 1742 er frå Skåne (sjå tabell 1 og fig. 1). Dette hadde samanheng med at Skåne låg under Danmark fram til 1658, og dei Skånske byalaga er typisk "danske".

	før 1742	1742-1800	etter 1800
Skåne	182	232	60
Landet ellers	75	269	220
Totalt	257	501	280

Sum 1038

tabell 1; oversikt over registrerte byalag i Skåne og Sverige (etter Erixon 1978).

Gjennom siste halvdel av 1700-talet kom det til mange nye byordningar (tab 1). Dei fleste var nokså like mønsterordninga, men mange hadde sterke lokale innslag frå eldre vedtekter.



Fig. 1 Kartet viser førekomststar av byalag i Sverige, uavhengig av tida og storleiken på dei (etter Institutt for Folkelivsgranskning gjennom A.B.Sifverson og A.Nyman i Erixon 1978).

Mønsterbyordninga frå 1742 gjekk i grove trekk ut på fylgjande:

- \* tilsetjing av ein oldermann for eit eller fleire år
- \* oldermannen skulle kalla saman til møte ved å lata "budkavlen" gå, ved blåsing i horn e.l.
- \* store bylag skulle ha medhjelpar som kunne avgjera tvistar og krevja inn bøter

Ellers var det reglar om markefreden, grøfting, vegar, bruer, skogen, fiskevatna m.m. Det vart gjeve høve til å føya til eigne reglar som kunne vera av interesse for dei einskilde byane.

Mønsterordninga førte til store endringar for dei svenske byalaga. Medan dei danske byalaga langsomt byrja å svekkast på 1700-talet, skjedde det motsatte i Sverige.

Byalaga heldt seg mykje lenger i Sverige enn i Danmark. Dette skuldast delvis at utskiftingane kom mykje seinare i gong i Sverige. Mange stadar vart dei ikkje avslutta før sist på 1800-talet. I 1918 vedtok staten ei ny byordning, og i fyrste halvdel av dette hundreåret vart det m.a. i Lappland vedteke fleire.

Svenske styresmakter var godt vande med eit sterkt lokalt sjølvstyre gjennom sognestevna. Dei fann at dette kunne utnyttast på ein positiv måte, og fleire offentlege oppgåver vart lagt til byalaga. I Malmøhus len vart det m.a. i 1811 gjort vedtak om at oldermennene skulle vera med på manntalsinnskrivinga og på skattelikninga.

Eit spørsmål som kan stillast er kva som kunne ha skjedd med dei svenske byalaga om Skåne ikkje hadde vorte innlemma i Sverige? Det var byalaga i Skaåne som pressa på for å få byordninga som kom i 1742. Det kan tenkjast at utan denne forordninga ville byalaga slik ein kjenner dei i resten av

Sverige, ha vore mindre utbreidd, eller mindre kjent på grunn av mangel på skriftleg kjeldemateriale.

## 2.5 Dugnad og bealag i Noreg

Dugnad er det når fleire bønder samlar seg hjå ein granne for å hjelpa han med eit større arbeid. Lønna for arbeidet var i form av mat, og soleis vart dugnadsdagen ofte ein festdag òg. Dugnad var tidlegare utbreidd over heile landet og galdt som oftast tyngre arbeid.

Granne tyder å bu nær kvarandre. Grend kjem av granne og betegnar ei samling av gardar (ØSTBERG 1928). Oppsitjarane i grenda er grannar som igjen utgjer grannalaget. Frå gamalt av var grendelaget ei fast inndeling. Granne var eit vanleg ord i det gamle lovspråket, medan grannalag ikkje finst. Fyrste gongen ein støyter på det er i Diplomatarium Norvegicum på 1400-talet og i herredagsdombøker frå 1500-talet (KULTURHISTORISK LEKSIKON FRÅ NORDISK MIDDELALDER - KLN-1956).

Avhengig av storleiken på grenda, kunne ho vera inndelt i mindre einingar som hadde ansvar for visse typar arbeid som måtte løysast i fellesskap.

Det finst få handfaste prov på dugnad i mellomalderen. Fyrste sikre kjelda er eit diplom frå Vestfold frå 1539 og eit anna frå same område frå 1552 (ØSTBERG 1929).

Arbeid som vart utført på dugnad kunne vera:

- \* torvtekking
- \* slått
- \* skurdonn
- \* gjerding
- \* opptak av brenntorv m.m.

Torvtekking var mange stadar ei granneplikt og bygdene kunne vera inndelt i tekkjelag med bestemte grenser. På andre område var ikkje inndelinga so streng.

Eit spørsmålet er om det var nokon som styrde dette arbeidet meir enn andre? Opedal (1951) meiner at det ikkje var faste reglar for arbeidsstyring i dugnader. Dei som var mest røynde og dugande fekk mest å sei.

Ei anna områdeinndeling i grenda var bealaga. Dei hadde faste grenser og tok seg meir av sosiale oppgåver. Dei utgjorde det området der dei ba kvarandre i m.a. i gravferd og bryllaup. Den geografiske grensa var på ein måte satt i høve til gravøl. Det skulle vera 6 mann til å bera kista og dei skulle hentast frå bealaget.

Utviklinga og framveksten av ein gardsskipnad var kanskje avhengig av kor godt desse laga fungerte og kva arbeidsfelt dei omfatta.

Tilsaman dekkja desse laga fleire av dei oppgåvene som måtte ivaretakast i fellesskap på bygdene. Dei var òg utbreidd i dei danske og svenske landsbyane, og supplerte på ein måte byalaga.

### 3 REGLAR OM GRANNETILHØVE

Frå eldre tid har det utvikla seg ein praksis med omsyn til korleis menneska ordna tilhøva mellom seg. I tillegg til folkelege organisasjonar og samværsformer utvikla det seg eit lovverk som regulerte tilhøva mellom grannar.

Bonderetten eller heimaretten som han òg vert kalla, er ei mengd eldgamle sedvanereglar og vedtekter som gjeld landbruksrettslege tilhøve mellom grannar. Den var med på å gje rammene for lovgjevinga.

Sedvanerett er skikk og bruk som festna seg hjå folk. På dei gamle tingmøta var dette lovretten. Det utvikla seg mange uskrivne rettsreglar som kunne variera frå distrikt til distrikt. Bygdelaga utvikla eigne lokale sedvanar om felles oppgåver. Sedvaneretten vaks fram på grunnlag av både sunn fornuft og lang erfaring, òg på grunnlag strid og interessekonfliktar på tinga (ØSTBERG 1922).

I bondesamfunnet fanst det mange "juristar", ofte eldre og forstandige menn som gjennom livet hadde tileigna seg kunnskap om dei rettsreglane som galdt. Det var dei som på sikt utvikla rettslivet.

Seinare kom vedtektene til. Det er rettsføresegner som eit underordna samfunn gav med heimel i den lovgjevingsretten som det hadde fengje frå styresmaktene.

Med utviklinga av skrivekunsten vart det råd å skriva ned rettsreglar som hadde festna seg hjå folket og ein fekk landskapslovene.

Landskapslovene, som kom på 1200-talet er dei fyrste skrivne lovene ein kjenner til her i landet. Dei har reglar som går på landbruksrettslege tilhøve mellom grannar. Reglane i desse lovene vart vidareført i Magnus Lagabøte si landslov av 1274.

I denne oppgåva er det spesielt reglane om beiting og gjerding som er av interesse, og eg skal no gå inn på dei.

### 3.1 Beiteregiane

I mellomalderen låg beite for det meste i sameige, og dette gjorde at bøndene trengde faste reglar for at beitet skulle fordelast rett. Jamføre Magnus Lagabøte si landslov hadde kvart bruk som var med i sameige beiterett etter skylda.

Etter Gulatingslova (ROBBERSTAD1969, s.108) kunne ingen ha fleire dyr på beite enn kva han kunne fø på garden om vinteren. Sleppte han fleire måtte han ha løyve hjå grannane. I lova var det fastsatt tidspunkt for buføringa på stølen. Budde dei i same grend skulle buføringa skje når det var gått to månader av sumaren, om dei ikkje vart samde om noko anna. Buføringa heimatt om hausten skulle ikkje skje før i august/september.

Etter Magnus Lagabøte si landslov var det opp til bøndene å fastsetja tidspunktet for når buskapen kunne sleppast ut om våren og når dei skulle buføra til fjells. Reglane om buføringa om hausten vart stadfesta i denne lova medan i det i Kristian 4. si lov og Kristian 5. si lov berre var eit generelt forbod mot at dei ikkje kunne buføra heimatt før alle var samde om det (ØSTBERG 1927, s.120). Østberg meiner at tanken bak dette var å visa til dei gjeldande lokale sedvanar og private avtalar.

Lovene hadde òg reglar om kva straff som galdt for ein granne som ikkje tok husdyra ut av innmarka i rett tid, trass i at han hadde fengje advarsel.

Engarealet var avgjerande for kor mange husdyr som kunne fødest på garden om vinteren, og saman med kornåkrane var det



viktig å verna desse områda mot beitedyra. Samtidig var beitinga viktig for å sikra produksjonen om sumaren.

Ein kan soleis ikkje skilja mellom utnytting av inn- og utmarksressursane, og beiteretten og gjerdeplikta var to svært viktige saker i bondesamfunnet.

### 3.2 Gjerdereglane

Føremålet med gjerdinga var å halda husdyra borte frå eiga innmark og anna manns eigedom. "Gard er grannasemjar" står det innleiingsvis i Gulatingslova 82 (ROBBERSTAD 1969, s.109). Dette indikerar at gjerdinga var ein svært viktig faktor for gode granneforhold.

Gjerdereglane vart vidareført i Magnus Lagabøte si landslov og seinare lover. Reglane gjekk i korte trekk ut på at det i utgangspunktet var bonden sitt ansvar å verna om eiga innmarka. Den som ikkje sytte for at det ikkje vart gjerda skikkeleg rundt eigedomen innan fastsatt frist, måtte sjølv bera ansvaret for tapet han leid. Var gjerdet lovleg oppsatt måtte eigaren av husdyra som braut seg inn på annan manns innmark bøta for skaden.

Etter Gulatingslova skulle gjerda vera satt i stand til siste "fardagane" - ca 1.mai (KLN). I Magnus Lagabøter si landslov vart denne regelen utdjupa (TRANGER1915). Her står det at:

"enhver skal ha sin gard(part) opført til Korsmesse om vaaren (3dje mai)".

Vidare skulle det vera grannastemne Halvardsmessedagen -15. mai. Då skulle grannane møtast for å sjå etter at alle gjerda var sette i lovleg stand. Om dei nytta dagen til andre ting er ukjent, men i Modalen og fleire andre stadar heitte det frå

gamalt av at denne dagen skulle kyrne vera utanom bøgarden (ALVER 1981). Kanskje nytta dei dagen til å samrø seg om andre ting og.

Diplomatarium Norwegicum (KLMN 1960) inneheld ei rekkje brev om grenseoppgang og forlik som skuldast tvistar om bruks og eigedomstilhøve. Dei var ofte grunna på usemje om vedlikehald av gamle gjerde. I et forlik av 1293 mellom bøndene på Ytre og Indre Bleie i Hardanger er Halvardsmesse-dagen nemnt. Den dagen skulle bonden på Ytre Bleie setja opp ei grind på fastsatt stad, og sidan skulle gjerda haldast til kornskurden var ferdig (KLMN 1960).

Regelen om grannastemne vart teke inn att i seinare lover og galdt heilt fram til gjerdelova av 1860 kom, men kor lengje og i kor stor utstrekning den vart etterlevd, er uvisst.

#### 4 DEI NORSKE GARDSSTYRA

Dei kjende førekomstane av organisert samarbeid i klyngjetuna har vore sett på som fenomen. Kan det tenkjast at klyngjetuna hadde eit liknande system som dei danske og svenske landsbyane - eit system som ivaretok dei oppgåvene dugnadane og bealaga ikkje omfatta?

Eg vil i dette kapittelet sjå på føresetnader for samarbeid i klyngjetuna, kvar gardsstyra er lokalisert og litt om dokumentasjonen av dei.

##### 4.1 Lokalisering av gardsstyra

Føremålet med lokaliseringa var å få ei oversikt over utbreiinga av gardsstyre på Lista og ellers i klyngjetunområdet.

Grunnlaget for registreringa på Lista er personlege intervju og spyrjeundersøking i form av brev.

For resten av området har eg lagt vekt på å registrera gardsstyre som er omtala i litteraturen, men det er ikkje lagt vekt på systematisk leiting. Dei fleste lokaliseringane er gjort med utgangspunkt i IFSK sitt materiale. Grannlaget på Nesheim i Granvin fekk eg kjennskap til gjennom ein artikkel i lokalavisa "Hordaland" 4.2.1989.

Under arbeidet med denne oppgåva vart det registrert i alt 21 gardsstyre på Lista (sjå fig. 2 og vedlegg 3). Fire av dei har eg motstridande opplysingar om, men 3 av dei; Maberg, Langeland og Penne reknar eg som nok så sikre. Av dei 20 som eg då reknar som heilt sikre har 16 strandrett og fire har ikkje strandrett.




Fig. 2 Kart som viser dei lokaliserte gardsstyra på Lista.

I resten av området har eg registrert i alt 16 gardsstyre (sjå fig 3 og vedlegg 4). Tre område som har peika seg ut er:

- \* Nes ved Flekkefjord
- \* Hardanger
- \* Nordfjord




Fig. 3 Kart som viser dei lokaliserte gardsstyra utafor Lista.

Dei gardsstyra eg har minst opplysingar om er Mo og Vik i Kvam, Hilde og Loen i Stryn.

Av dei undersøkte gardane på Lista, kom det fram at det var 8 gardar som ikkje har hatt gardsstyre (vedlegg 3).

Dei andre gardsstyra som er lokaliserte ligg i hovudsak i fjordområda oppover Vestlandet; i Hardanger, i Sogn og Fjordane og i Møre og Romsdal. I Loen, Stryn, er det registrert tre gardstyre. I Rogaland er det ikkje lokalisert gardsstyre, men "samkoma" for å drøfta sams saker var ikkje ukjent i Forsand (IFSK 3).

Det er lagt lite vekt på å henta inn opplysingar om korvidt gardsstyra i området utafor Lista fungerer fortsatt. Dei eg veit som fortsatt eksisterer er; Nesheim i Granvin og Henja i Leikanger.

#### 4.2 Gardsstyra sine fysiske grenser

Den minste eininga for gardsstyre var garden. Derimot kan to eller fleire gardar ha gått saman i eit gardsstyre. Årsaka til dette kan vera at gardane har hatt felles utmark eller at husa på dei to gardane har legi samla i eit tun. Det er funne tre døme på gardar som har gått saman på denne måten.

Fram til matrikuleringa i 1838 var Stave delt i dei to gardane øvre og nedre Stave. Etter den tid har det berre vore tale om ein gard. Alt i 1800 då dei vedtok avtalen om samarbeid er det tydeleg at det er tale om ei felles organisering. Jamføre protokollane vart det skildt mellom dei to gardane ei gong, og det var i 1812 då dei klauvsatte marka.

Hassel på Lista, var opphavleg ein storgard og vart med tida delt i 5 gardar (RUDJORD 1981, S.694): Austhassel, Vesthassel,

Midthassel, Øvre Nordhassel og Nedre Nordhassel. Av desse har Aust- og Vesthassel hatt felles gardsstyre. I tillegg vert Vesthassel rekna som to gardar då dei har to tunområde; Voan og Kåde.

Henjagrendi grannalag i Leikanger består av fire gardar. Dei har felles beite og stølsområde (utmark). Eine garden, Nybø, er fylkesmannsgarden i Sogn og Fjordane. Frimannslund Holmsen (pm) hevdar at det er uvanleg at embetsgardar var med i organisert samarbeid med nabogardar. At denne garden er med i grendalaget kan ha samband med at det ikkje er nokon gamal embetsgard. Han vart skild ut frå Henjum og matrikulert i 1838. Sidan 1853 har han vorte nytta som fylkesmannsgard (BØTHUN 1965).

I undersøkinga til IFSK (3) er det vist til at det var både granne- og grendelag og det var tydeleg at det kunne vera to eller fleire gardar som samarbeidde om tiltak. I Hardanger var det slik at "det var oppsitjarane på same mangbølte gard eller i same tun som heldt møte."

Dugnadane og bealaga var ikkje så klart avgrensa som gardsstyra. Vest-Vere hadde t.d. to bealag, og skilje gjekk ved ei ope steinsatt grøft.

#### 4.3 Om samarbeid i klyngjetuna

I dette avsnittet vil eg sjå på faktorar som kan ha påverka samarbeid og kva tiltak som kunne vera aktuelt å samordna.

Hopehavet sette krav til samarbeid mellom oppsitjarane i eit tun. Dess fleire oppsitjarar, dess større vart behovet. Garden var ei eining og brukarane måtte samarbeida og innordna seg i kollektivet, dersom det daglege arbeidet i det heile skulle kunna gå sin gang. I eit slikt samfunn var alle

avhengige av alle.

Det kan òg tenkjast at skikk og bruk som hadde utvikla seg gjennom generasjonar var so sterkt forplanta i menneska som budde i klyngjetuna at dei til ei kvar tid visste kva som skulle gjerast - samordning var unødvendig.

Det er lite sannsynleg at samarbeidet var organisert på ein bestemt måte, det som kan vera sannsynleg er at kvar gard fann sin måte å organisera arbeidet på, men at det i dei ulike bygdelaga var mange felles trekk ved måten det vart gjort på.

Saker som måtte samordnast kunne vera;

- \* gjerding og grinding
- \* opparbeiding, vedlikehald av vegar
- \* tidspunkt for når dyra skulle på beite
- \* gjeting
- \* arbeid på åker og eng
- \* skogsarbeid
- \* heimkøyring av ved, tømmer og høy om vinteren
- \* utforming av tunet
- \* grøfting
- \* utnytting av fiskerettar
- \* opptak av tang og tare
- \* uttak av brensel og anna trevyrke

Rasjonalisering var ein viktig faktor som sette krav til samarbeid. Arbeidsmengda var stor og det galdt at det ikkje vart gjort dobbelt opp.

Mange konflikhtar som var knytta til eigedomsretten vart ofte løyst i offentlege forlik eller rettssaker, men den praktiske gjennomføringa av dei måtte bøndene sjølve ordna opp i, t.d. at dei avtalte kva dag buføring skulle skje på.

Alt i frå barnsbein av kunne ungane vera innforstått med desse



regiane. Frimannslund Holmsen (pm) fortel om ein gard ho vitja ein gong. Oppsitjarane hadde sine egne vegar i tunet. Ho hadde fengje ein 10 års gamal gut til å teikna ned "deira " vegsystem. Faren kunne seinare stadfesta sonen si framstilling.

Ho meinte at både menn og kvinner utvikla sine regelverk og at det ofte måtte vera ein person til å styra. Ho viste til garden indre Matre i Skånevik. Dei fire oppsitjarane bruka å ha kyrne sine på ei øy om sumaren. Det var vanleg at ei jente frå kvart bruk, rodde ut til øya i ein båt for å mjølka. Plassane i båten gjekk på omgang "for rettferda si skuld". Etter mjølkinga hengde dei klutane opp i ei bestemt rekkjefylgje. Plasseringa var bestemt av ei kvinne som levde på 1800-talet.

Mange reglar som galdt i klyngjetuna gjekk på korleis folka skulle ordna seg i høve til kvarandre. Det kunne gjelda arbeid på garden som "måtte" samordnast og andre meir hevdvunnē skikkar.

Det er velkjent at oppsitjarane samordna einskildtiltak som t.d. gjeting og at ansvaret fjekk på omgang mellom oppsitjarane. På garden Velle, Lista (IFSK 2), hadde dei ei ordning med at dyra skifte beite på ettermiddagen, og oppsitjarane delte på ansvaret for å sleppa dei ut. For å halda kontroll med kven som hadde ansvaret hadde dei ei stikke der det stod: "I da sleppe æg i morra sleppe du". Etter at arbeidet var gjort unna om kvelden var+ stikka levert vidare til den som hadde ansvaret neste dag. Det finst ei mengd døme på korleis folket ordna seg tilsvaranden på andre område òg, men eg går ikkje vidare inn på det.

#### 4.4 Karakteristikk av områda

For at ein skal forstå bøndene sine behov for organisering ser eg det som viktig å skildra enkelte forhold som kan ha påverka det organiserte samarbeidet i områda der gardsstyra er lokalisert. Det vert lagt størst vekt på Lista.

Viktigaste trekka ved dei områda der gardsstyra er lokalisert er at dei ligg i klyngjetunområdet (sjå fig. 5).




Fig. 4. Kartet viser dei ulike tuntypane i Noreg (etter Vreim 1936)

Lista merkar seg ut ved det høge talet på bruk pr gard og få husmannsplassar. På slutten av 1800-talet var det ikkje uvanleg med ca 15-20 bruk på ein gard.

Folkeauken på 1700-talet førde til auka press på dei busette områda i landet. "Problemet" vart løyst anten ved bruksdeling, oppretting av husmannsplassar eller utvandring til andre kantar av landet eller til Amerika. Klyngjetuna er eit resultat av bruksdeling frå 16-1700 talet og til ut på 1800-talet.

Brukstalet på Stave og Aust- og Vest-Vere kan visa til ei slik utvikling (tab 2) (RUDJORD 1981) .

År	tal oppsitjarar på	
	Stave	Aust- og Vest-Vere
1647	8	
1661	6	14
1723	8	16
1801	10	16 (?)
1838	13	27 (10+17)

tabell 2: oversikt over utviklinga av brukstalet på Stave og Aust- og Vest-Vere frå 1647 1838

Brukstalet har alltid vore noko høgare på Vest-Vere enn på Aust-Vere. Som ein ser endra ikkje situasjonen seg så mykje gjennom 1700-talet. Brukstalet var omlag det same i 1723 som i 1801 og behovet for samordning var truleg det same ved baa tidspunkta. På 16-1700-talet var Vere prega av økonomisk oppgang og dette forklarar dei få bruksdelingane (IFSK 2). Men stabile forhold kan ha påverka at tilhøva var ordna og fredlege. Storparten av delingane kom etter 1800 og kan ha ført til meir turbulente forhold, noko som igjen har resultert i krav om meir samordning mellom oppsitjarane.

Eksakte opplysingar om brukstalet fyrst på 1800-talet har eg ikkje, men rundt 1840 hadde gardar som Tjørve, Vatne, Borhaug og Vågsvoll ca 15-20 bruk pr. gard (RUDJORD 1981). Dei andre gardane i strandområdet hadde noko mindre.

Under intervjuinga på Lista kom det fram at ingen visste kor gamal gardsstyre-ordninga var. Dei fleste hadde den meininga at den "er gamal".

Bruksdelinga førde til eit sterkare hopehav og innvikla eigedomsforhold, noko som resulterte i konflikhtar på fleire område. Bruka vart små og ressursane knappe. Dei viktigaste ressursane som var knytta til eigedomsretten var:

- \* beite
- \* tang & tare
- \* torv
- \* fiske
- \* drivgoods

Beite på Lista var vanleg å regulera ved "klauvsetjing" av marka. Dette gjekk på fastsetjing av kor mange dyr garden kunne ha på beite i marka. Dette vart så fordelt etter skylda på det einskilde bruket. I 1836 vart marka på Vere klauvsatt til fylgjande (IFSK 2);

12 engelsk = beiterett til 1 hest, 5 kyr og 2 sauer og dyretalet kunne utliknast til: 1 hest = 2 kyr = 4 sauer. Engelsk er den skyldeininga - verdinemminga - som for det meste var nytta på gardane på Sørlandet. Ved matrikuleringa i 1838 gjekk nemninga ut, men bøndene på Lista fortsatte å nytta den i samband med deling av rettar knytta til eigedomane.

Tang og tarerettane (tare) var knytta til eigedomane, og vart som oftast delt etter skylda, eller strandområda på garden vart auksjonert bort til høgstbydande og inntekta fordelt etter skylda. Taren vart anten nytta til gjødsel eller brent

og oska seld til oppkjøparar som nytta den i jodproduksjonen. Tarebrenninga er kjent på Hauge Østre i 1806 (RUDJORD 1981, s. 163), men det er fyrst på slutten av 1800-talet ho for alvor tok seg opp og vart ei viktig inntektskjelde.

Torva var det viktigaste brenselet for Listalendingen, og torvmyrane var ein viktig ressurs for dei gardane som hadde det. Frå gamalt av var myra delt i "dukar" og oppsitjarane hadde kvar sine. Dei kunne anten selgja eller leiga bort delar av duken til gardar som hadde mindre med torv (RUDJORD 1980, s 268).

Vanleg sjøfiske kunne alle driva med, men folk utan strandrett måtte leiga seg båtplassar. Fiske som var forbeholdt strandeigarane var:

- \* laksefiske - nemnt i eit forlik for Vere i 1801
- \* makrellfiske med not
- \* ålefiske (ferskvatn)

Drivgods frå forliste båtar var eit kjærkoment tilskot. Mykje av materialet som dreiv i land vart nytta til husbyggjing. Drivgodset var felles eige, og "den som kom fyrst til mølla fekk fyrst mala" (IFSK 2). Drivgods er nemnt i ein avtale for Vere frå 1800.

Utanom rettar knytta til fast eigedom var sjøen ein viktig næringsveg for Listalendingen i form av:

- \* vanleg sjøfart
- \* fiske
- \* losing
- \* kaperverksemd

I resten av lokaliseringsområdet var tilhøva noko annaleis. Brukartalet pr. gard var lågare, ca 5-10 var meir vanleg. Men talet på husmannsplassar var mykje høgare. Dette kom delvis av at dyrkingsreservare i utmarka var større, og det var ikkje

naudsynt med ei so sterk bruksdeling. Dominerande ressursar som var knytt til eigedomane var:

- \* beite i heimemarka og stølsmarka
- \* skogen
- \* jakt

Stølsdrifta var ein viktig faktor i jordbruket i fjordbygdene oppover Veslandet. I tillegg var fiske var ei kjærkomen og viktig attåttnæring for mange fjordbønder.

#### 4.5 Gardsstyra i historisk litteratur og kjeldemateriale

Sidan det ikkje ser ut til at det er føreteke samanfattande arbeid på temaet gardsstyre tidlegare, ser eg det som viktig å få fram litt om kva som står om gardsstyra i offentlege kjelder og lokalhistorisk litteratur. Eg vil her ta føre meg noko av det materialet eg har sett på i samband med oppgåva og opplysingar eg har fengje gjennom samtalar med historikarar.

Eg må ta atterhald om at eg kan ha oversett noko, men etter å ha sett igjennom ein del lokalhistorisk litteratur er det heller lite som står om gardsstyra. Henjagrendi grendalag i Leikanger t.d. har eg ikkje funne omtalt i bygdeboka for Leikanger (BØTHUN 1965). Det er berre sjølve vedtekta for garden Langlo som er trykt i bygdboka for Stranda (KJØLÅS 1954). I Listaboka t.d. fann eg 5 gardsstyre som var omtalt i ulike samanhengar.

Utanom desse har eg funne har eg funne gardsstyre omtalt i gardsbøker. Dette er bøker som handlar om ein gard eller eit bruk og som skildrar tilhøva der. Gardsstyra for Lothe (LOTHE 1954) og Loen (LOEN 1979), er omtalt i slike bøker. Gardsstyret på Lothe er skildra inngåande, medan på Loen er det nemnt i eit par setningar - som ein sjølvsgd faktor!

Nesheim grannalag i Granvin er omtala i fleire bøker, m.a. av Opedal (1954) og i Hardanger Historielag si årbok (1977).

Samtalar med historikarar og bygdebokforfattarar gav "dårleg" resultat. Professor Ståle Dyrvik, Historisk institutt ved Universitetet i Bergen, som m.a. har skrivi Etne-soga kunne fortelja (pm) at han ikkje hadde støytt på noko form for gardsstyre i arbeidet sitt med bygdeboka. Han hadde m.a. gått igjennom kjelder som tingbøker, forliksprotokollar og protokollar for rettsvesenet, utan å finna spor etter ei slik styringsform.

Heller ikkje forfattaren av "Soga om Gloppen og Breim", førsteamanuensis Per Sandal ved Sogn og Fjordane Distriktshøgskule (DH) i Sogndal (pm), hadde støytt på noko form for gardsstyre i sitt arbeid.

Jon Tvinnereim ved lokalhistorie-studiet ved DH i Volda (pm), som sjølv kjem frå garå i Nordfjord, meinte at gardsstyresystemet var eit framandelement i folkesjela i det distriktet. For han var dette eit ukjent system. Klyngjetuna var egalitære samfunn - folk skulle ikkje stikka seg fram på nokon måte - dei bygde på at folk var likeverdige.

Frimannslund Holmsen fortel (pm) at ho på ei av sine mange reiser på 1940-50 talet fekk sjå gamle gardsprotokollar av ein eldre mann i Snåsa. Då ho seinare fortalde om dette materialet til ein historikar som kom frå bygda, viste det seg at dette var totalt ukjent for han.

Det omfattande kjeldematerialet om garden Stave er eit døme på at det må ha funnest dokument på gardane som ikkje vart registrert i offentlege arkiv. Lothe skriv om at det i siste halvdel av 1800-talet vart brent mange gamle dokument på garden Lothe. Dette er ikkje den einaste garden der det har skjedd.

I arbeidet sitt brukar bygdebokforfattarar i stor grad offentlege dokument. Arbeidet er i seg sjølv omfattande nok og det er vanskeleg for dei å driva oppsøkjande verksemd. Offentlege arkivdokument kan i liten grad ha fanga opp gardsstyra og dermed kjem ikkje opplysingane om dei fram i bygdebøkene. Årsaka til dette kan vera at gardsstyre var ein høgst intern institusjon som ikkje vedkom det offentlege.

Ei anna sak er styresmaktene sitt tilhøve til bøndene si organisering. Rentekammeret i København sende i 1803 ut eit rundskriv til amtmennene i Noreg "om jordfelleskap- og utskifting" (HOLMSEN 1952). Det var sett opp 5 spørsmål som galdt hopehavet mellom gardane og utskifting som amtmennene, lågare embetsmenn og særleg jordbrukskunnige privatpersonar skulle uttala seg om. Dette var for å få greie på korleis tilstandane var på gardane der hopehavet var utbreidd. Dette materialet vart gjennomgått av IFSK, og for Rogaland og Sogn er delar av det kome ut i trykt form. Det er ikkje nemnt noko om organisering av arbeidet anna enn at det ikkje var uvanleg i Rogaland at 3-4 oppsitjarar hadde felles gjetar. For Lista er det ikkje kome ut i trykt form, men ved eit raskt gjennomsyn av eit notat som var omskrive gav ikkje inntrykk av at der var opplysingar om organisert samarbeid på gardane. Anna enn at oppsitjarane kunne ha felles gjetar, noko ein veit var tilfelle for Stave.

Spørsmålet er då om det var ukjent for styresmaktene at dei norske gardane hadde ei form for organisering av samarbeidet, liknande dei danske bylaga? Som eg tidlegare har nemnt viste dei danske styresmaktene liten interesse for bylaga. Dersom det var utbreidd med gardsstyre rundt 1800 så var dei mykje mindre omfattande enn bylaga og styresmaktene hadde endå mindre grunn til å visa dei noko interesse. Det er mogeleg at ein ved å samanlikna kjeldemateriale for gardar ein veit har hatt gardsstyre og gardar ein ikkje veit noko om, kan finna opplysingar som kan indikera at gardsstyre var meir vanleg enn kva kjeldene gjev direkte uttrykk for.



## 5 GARDSSTYRA SINE ARBEIDSOPPGÅVER

I dette kapitlet vil eg fyrst visa kva avtalar som regulerte arbeidet i gardsstyra, og deretter sjå på viktige oppgåver gardsstyra tok seg av fram til krigen i 1940. Arbeidet etter krigen vil verta omhandla i eit seinare kapittel.

### 5.1 Avtalar om samarbeid

Sidan Noreg ikkje hadde lover og forordningar om samarbeid på gardane tilsvarande det Danmark og Sverige hadde for lands-byane sine, vil ein ikkje her i landet kunna leita systematisk etter avtalar som regulerar samarbeidet på ein gard.

Lovene som regulerte tilhøva mellom grannar gav rammene for korleis dei skulle innretta seg etter kvarandre på enkelte område. – Den praktiske gjennomføringa måtte dei syta for sjølve. På område der det ikkje var reglar måtte bøndene sjølve laga dei, og dei fekk eit regelverk som var tilpassa storleiken og tilhøva i klyngjetuna

I IFSK si undersøking er det spørsmål om skrivne vedtekter. Tendensen i svara er at dette er ukjent for dei fleste, men det er vist til m.a. lova for Langlo.

Avtalar som m.a. regulerte tilhøva mellom oppsitjarane på gardane finst det mykje dokumentasjon på, medan avtalar som regulerte samarbeidet er det vanskelegare å finna dokumentasjon på.

Det kan tenkjast at oppsitjarane på ein gard kunne inngå avtalar på fylgjande vis:

- \* muntlege avtalar
- \* skriftlege avtalar som ikkje er registrert i offentlege arkiv
- \* forlik i forlikskommisjonen
- \* saker registrert i panteregisteret.

Det seier seg sjølv at dei to fyrste gruppene er dei som er vanskelegast å få informasjon om. Det er svært sannsynleg at mange gamle private dokument har forsvunne opp gjennom tidene.

Både einskildbruka og gardane hadde ei mengd med vedtekter som gav reglar for det meste i desse småsamfunna. Lothe si lov var uskriven, men galdt like sterkt for det. Dei hadde ikkje berre ei lov, men mange og alle var like bindande. Gjennom generasjon etter generasjon haldt dei seg, og dei dekkja alle område. Alle kunne lovene, dei var folkeeige og det var ingen som våga å bryta dei.

Dette er lover som er vanskeleg å føra prov på i dag. Eg vil no sjå på korleis samarbeidet til gardsstyra kan ha vore formalisert utfrå kjeldematerialet eg har hatt tilgjengeleg, og har valgt å dela dette inn i tre grupper:

- 1 Vedtekt / lov
- 2 Forlik
- 3 Jordskifte

Eg vil presisera at materialet oppgåva byggjer på er lite og at opplysingane på ingen måte er ei generalisering.

### 5.1.1 Vedtekter

Vedtekt eller lov er avtalar der det er sett opp reglar for:

- \* valg av gardsfut
- \* arbeidet i gardsstyra

Det er lokalisert fire eksemplar av denne typen:

- 1 Stave, Lista 1800 (vedlegg 5)
- 2 Frøysa, Stranda 1851
- 3 Langlo, Stryn 1876
- 4 Nesheim, Granvin 1881

På det tidspunktet avtalane var vedteke var dette gardar med 7-10 oppsitjarar i kvart tun.

Kontrakta frå Stave er det eldste dokumentet om gardsstyre som eg har registrert. Kontrakta vart inngått 4 år før garden byrja å føra protokollar. For gardsstyret på Stave finst det i tillegg fleire mindre avtalar som eg kjem tilbake til seinare. Etter kva eg har registrert er det ikkje påvist tilsvarande materiale tidlegare, korkje av omfang eller av alder.

Kontrakta galdt for bebruarane på både øvre og nedre Stave. Det vart gjort vedtak om at ein mann skulle ha ansvaret for å føra tilsyn med garden sine fellesoppgåver. Arbeidet skulle gå på omgang og ny mann skulle overta på hegnedagen.

På Frøysa vart det vedteke at det skulle opprettast eit oppsynsmannsverv og det vart utarbeidd instruks for arbeidet til oppsynsmannen. Kontrakta skulle innførast i forliksprotokollen og ha same verknad som om den var inngått i forlikskommisjonen.

Kontrakta på Langlo var utforma av ordførar Knud Olsen Møklebust (IFSK 3). Det skulle velgjast ein formann mellom oppsitjarane og ingen kunne nekta og ta på seg vervet. Lova skulle gjelda

for både oppsitjarane og husmennene, men husmennene var ikkje tillagd noko mynde. Det var og teke med reglar om korleis tvistar skulle løysast.

For Nesheim i Granvin sitt vedkomande er bakgrunnen for vedtekta skildra som innleiing til sjølve vedtekta.

"Aar 1881 den 17<sup>de</sup> Desember samledes vi samtlige gaardbrugere paa Nesheim hos Nils Iversen, efter at vi af ham i forveien vare oppfordrede dertil, og samtalede om nødvendigheden af at faa istand en bedre ordning i de ting der vedrører vores fælles interesser".

(mi understreking)

Opedal (1954) skildra dette på ein litt anna måte, og det er ikkje urimeleg å tru at han fekk desse opplysingane på garden.

"Ein søndag vinteren 1881 sette han Nils Nesheim og han Atlaok Nesheim seg til å laga eit framlegg: han Nils sa føre og han Atlaok skreiv. Eit bel etter kalla han Nils jordamennene i hop til møte i stova si. Dei rødde no fram og attende om dette fram-legget, og det enda så at dei skreiv under på det alle i hop."

Det er tydeleg at dei hadde eit utbreidt samarbeid før denne avtala vart vedteke, og folk på Nesheim meiner at bispeordninga er eldre enn vedtekta. Det skulle velgjast to bispar kvart år.

Dei fire vedtektene hadde alle reglar om:

- \* gjerde- og grindhald
- \* arbeid på felles vegar

I vedtekta på Nesheim vart det gjort vedtak om oppretting av felleskasse. For Stave verkar det som at "reynskabet" er ei etablert ordning og soleis ikkje noko nyordning.

Frøysa og Langlo hadde reglar for veiting, medan Nesheim og Frøysa hadde reglar om felles gjeting. Sistnemnde hadde dei mest utførlege beitereglane.

Vedtekta for Stave hadde ellers reglar om deling av drivgods og dekking av utgifter i samband med reiser markefuten hadde til Bryne, Prestegarden og Farsund. Dette er eit døme på at han og representerar garden utad i viktige ærend.

Det er tydeleg at gardsfuten si oppgåve var å kontrollera at alle overheldt dei reglane som var vedteke.

### 5.1.2 Forlik

Forlika har ikkje reglar for valg av gardsfut og gjev uttrykk for at gardsstyre er ei etablert ordning.

Forlika kan delast i to grupper:

- 1 private forlik
- 2 offentlege forlik

Private forlik er forlik bøndene sjølve har vedteke utan innblanding frå offentleg mynde. Det må presiserast at det ikkje er kontrollert at dei eksempla eg viser til er innført i offentlege protokollar.

Forlika var anten retningsgjevande for arbeidet til gardsstyra eller dei supplerte andre avtalar.

For Stave er det tale om ei rekkje forlik og avtalar som regulerte tilhøva mellom oppsitjarane i tillegg til vedtekta frå 1800:

1. Løyve til å sleppa beitedyr i marka og bestemmelse om laksefiske - 1801 og stadfesta i 1807 og 1809 (vedlegg 6)
2. Bortleige av båtstø til oppsitjarane på Aust-Vere - udatert (vedlegg 7)
3. Bortleige av båtstø til oppsitjarane på Aust-Vere - av 2.2.1818 og tinglysning 16.10.1820 (vedlegg 8)

4. Reglar for skjering av torv i felles utmark - udatert (vedlegg 9)
5. Stadfesting på at utmarka er felles og om retten til torvskjering . 5.3.1847 (vedlegg 10)
6. Utskiljing av eit felles utmarkstykkje til oppsitjarane, fordelt etter skyld og bruk - 13.5.1848 (vedlegg 10)
7. Beiterreglar - 13.5.1848 (vedlegg 11)

Avtale nr.2 og nr.3 er nesten identiske. I dei to avtalane er det fastsatt årleg leige for båtplassen, og jamføre protokollen vart ho betalt til felleskassa.

I protokollane er det òg innført avtalar, m.a. ei frå 1812 som gjeld klauvsetjing av marka. Den neste er oppretting av felles kasse i 1816 (sjå kap. 5.4.4). I tillegg er det fleire mindre avtalar, og samla hadde Stave eit nokså omfattande regelverk, om dei haldt seg til alle.

Aust- og Vesthassel har òg fleire detaljerte forlik innført i protokollane sine. I den fyrste protokollen er det innført tre avtalar:

1. Oppretting av beite på Rauna - avgrensing av område og gjerding - 13.oktober 1891
2. Avtale om brenning av tang - 14.4 1892
3. Tilsyn med gjerdet og beitet på Rauna - 14.4.1892

Avtalane på 1890-talet innebar ikkje dei store endringane. Det er tydeleg at gardsmøtet har vedteke nye reglar for øya Rauna, i høve til det som er fastsatt i jordskifte av 1849 (sjå kap 5.1.3). Rauna var viktig som beiteområde for sau og det var store tareressursar der. Oppsynet på Rauna vart utvida frå 2 til 3 mann og det vart gjort vedtak om at avtalen skulle gjelda i 5 år.

Både Austad og Såten hadde sine private forlik innført fyrst i protokollane, og forliket på Såten kan til dels samanliknast med ei vedtekt.

Det er tydeleg at Stave ordna opp i dei interne tilhøva sjølve. Likevel vil eg stilla spørsmål om det ikkje var fleire forlik enn dette? Det er oppsiktsvekkjande om dei har klart å ta vare på alle forlik og avtalar. Av desse 7 avtalane er det berre den siste som er tinglyst, og det må då peikast på at det er tinglyst ein tilsvarande avtale med tre andre oppsitjarar på same tid. Den var ikkje med i samlinga av dokument. Av forlika er det berre den andre som nemner "gaardens opsynsmand", men det er tydeleg at alle gjeld garden sine felles interesser.

Når ein ser det høge talet på private forlik som finst for Stave, må eg stilla spørsmål om det ikkje kan ha vore det same for dei andre gardane og? Etter mitt syn trur eg ikkje forholda på denne garden spesielle i høve til dei andre gardane. Det var mange utskiftingar på Lista på 1840-talet, og få forlik som er registrert i pantebøkene, og det er lite sannsynleg at utskiftingane t.d. ordna opp i alle forhold.

Offentlege forlik er forlik som er inngått anten i forliksråd eller i anna offentleg domsmynde.

Jamføre forordning av 20. januar 1797 (Kiil 1969, s.74) vart det skipa forliksråd på landsbygda i Noreg, som skulle ha som oppgåve å hindra uturvande og dyre rettssaker. Etter denne lova kunne ikkje lenger den eine parten i ein tvist gå beinveges til retten. Motparten måtte fyrst stevnast for forliksrådet, som skulle mekla mellom dei. Førde ikkje saka fram havna den i retten. Forliksråda avgjorde ofte saker som gjekk på eigedomsrettslege tilhøve på gardane som beiterett, fiskerett o.l.

Då desse sakene i liten grad er systematiserte har det ikkje vore råd å gå gjennom protokollane for eventuelt å finna forlik mellom oppsitjarane på gardane. Ein gjennomgang kunne ha gjeve ein vidare peikepinn på utbreiinga av avtalar for gardsstyra.

Tvistar som vart løyste gjennom rettssaker er lettare å finna då

dei er registrerte i pantebøkene. På 22 gardar i området på Lista er det registrert i alt 19 forlik i perioden 1813 - 1864 (Panteregister 1800 -1960) i tillegg til desse kjem utskiftingane. Eg har ikkje funne noko samanlikningsgrunnlag slik at eg kan antyda om dette er få eller mange. Etter mitt syn er dette få, sett i høve til det høge talet på bruk desse gardane hadde og dei gode vilkåra for konflikhtar dette innebar. Storparten av forlika er avtalar mellom nabogardar og såleis er det få av dei som vedkjem berre sjølve garden.

Forlika som er nemnt i panteregistera går i stor grad på saker som klauvsetjing, beiting, deling og køyring av tang. I alt har eg funne 3 forlik som nemner eller indikerar gardsstyre:

- 1 Nesheim på Lista - forlik av 30. mars 1819
- 2 Vest-Vere - kontrakt av 7.4.1836, tinglyst 5.4.1837  
(vedlegg 12)
- 3 Sekse i Ullensvang - forlik frå 1813
- 4 Vere - forlik av 7.5.1907, tinglyst 23.6.1908

Forliket på Nesheim (RUDJORD 1981,s.681) gjeld forskjellig på garden, m.a. skulle hønsene haldast i hus haust og vår og så skulle:

"een mand hvert aar holde opsigst at alle ting holdes i orden"

Kontrakta på Vest-Vere galdt klauvsetjing i marka, og fastsetjing av prisen på ekstra dyr som vart sleppte. Dei som braut betalingsreglane skulle for:

"eftertiden tabe sin Kredit og betale kontant ved Markeregnskabens afholdelse, saa fremt de siden vil have det foromtalte Kreatur i Marken."

Hønsene skulle takast i hus

"naar Markefogden giver ordre dertil".



I kontrakta står det at denne avløyste ei eldre kontrakt av 2.3. 1806, som eg ikkje har klart å spora opp. Det vert hevda at før den tid gjekk dei etter ein muntleg avtale (IFSK 2). På den tid undersøkinga føregjekk hadde dei ein instruks i 8 punkt som galdt for markefuten. Bakgrunnen for han står det ikkje noko om.

I 1813 vart det inngått eit forlik på Sekse i Ullensvang som var underskrive av 8 oppsitjarar (OPEDAL 1954, s.33). Det er utforma av den eine oppsitjaren og underskrivinga fann stad i prestegarden. Ut frå kjelda kan det tolkast som om formannen i forlikskommisjonen var med på underskrivinga.

Gjerda skulle vera sett istand til bjørnevak - 22. mai - kvart år, og to tillitsmenn skulle synfara dei. Slik forliket er skildra er det berre denne eine oppgåva dei to tillitsmennene har ansvaret for. Resten av forliket er ikkje ulikt dei to fyrste forlika frå Lista.

Det siste forliket er ein lensmannsforretning vedrørende ei vegsak på Vest-Vere datert 7.5.1907, tinglyst og innført i panteboka 23.juni 1908. Saka vart halde etter veglova av 1851 § 83 og ei tilleggslov av 30.3. 1891. Det vart gjort vedtak om at det skulle velgjast ein mann som skal føra tilsyn med vedlikehaldet av vegane. Retten oppnemnde den fyrste, deretter skulle oppsitjarane velgja ein ny mann for kvart år. Til opparbeiding av vegen vart det valgt ein komite på 3 personar. Markefuten står ikkje nemnt. Jamføre instruks for markefuten vert det hevda at tilsyn med vedlikehaldet av veg og gjerde (IFSK 2) var ei av oppgåvene hans.

Lensmannsarkiva er i fylgje Kiil (1969 s.230) ikkje avleverte til statsarkiva. Om det kan finnast interessant kjeldemateriale i vedrørende gardsstyra er uvisst.

Henjagrendi i Leikanger har ikkje noko spesiell lov å visa til for arbeidet sitt. Det vart opplyst at vedtektene dei arbeider

etter er "svært gamle", og stammar frå før utskiftinga på 1930-talet. Reglane er for det meste å finna i "admerkelser" og "heftelser" på skøyta til dei einsilde bruka.

### 5.1.3 Jordskifte som vedtekt

Eit av utgangspunkta for oppgåva var å få greie på korvidt jordskifteprosessen hadde gjort gardsstyra på Lista overflødige. Det viser seg at dei fleste gardane på Lista har nytta eller nyttar reglar fastsatt i jordskiftesaker som retningsgjevande for arbeidet sitt i gardsstyra. Eg har fått opplysingar om at dette gjeld fylgjande gardsstyre:

gard	årstal for jordskifte
1.Maberg	1848
2.Åust- og Vesthassel	1849,1857,1861,1866,1866,1871
3.Brekne	1860
4.Nesheim	1881,1923,1991
5.Øvre Nordhassel	1890
6.Midthassel	1894
7.Nedre Nordhassel	1905
8.Tjørve	1907
9.Langeland	1932
10.Skollevoll	1952
11.Vågsvoll	1952
12.Kviljo	1967

Reglane gjeld oppgåver som går på:

- \* fordeling av felles arbeid på garden
- \* fordeling av felles utgifter
- \* valg av styre

Det er ikkje føreteke noko undersøking om dette vedrørande lokaliserte gardsstyre utafor Lista, men eg har teke med dei opplysingane eg har funne om dette.

Kor vidt reglar for samordning av felles tiltak kunne fastsetjast etter lov om utskifting av 1821 er uklart. I utskiftingslova av 1857 vart det vedteke reglar om at jordskifteretten skulle kunna vedta reglar om vegar og gjerdehald (GRENDAHL & SOLBERG 1959 s.189). Spørsmålet er om det var ut frå dette dei gav reglar om valg av folk til å leia forskjelligt arbeid på garden.

1882-lova utdjupa dette noko meir og fastsatte at jordskifteretten skulle syrgja for at det vart vedteke reglar om opparbeiding, vedlikehald og bruk av vegar og reglar for opparbeiding og vedlikehald av grøfter. I tillegg var det òg reglar om bruk av felles vatn og vassdrag, kvern plass, nausttomt, tangplass m.m. (GRENDAHL & SOLBERG 1959 s. 215). Desse reglane har seinare vorte oppretthalde og jamføre jordskiftelova § 2 d.1. kan jordskifteretten gje reglar om bruken i område der det er sambruk mellom eigedomar.

Det er ikkje uvanleg at reglar om fordeling av arbeid vert teke med i ei jordskiftesak. Jordskifteretten fastset kva tiltak det skal gjelda, som oftast er det vegar og kanalar. Det kan verta vald separate styre som har ei funksjonstid frå 3-5 år og som skal ha ansvar for at arbeid vert sett i gang og passa på vedlikehaldet. Jordskiftedommar Endre Haugen (pm), ved Lista jordskifterett, seier at dette er vanleg i jordskiftesaker der det iallefall er inntil 10-12 eigarar, som på Lista.

Den fyrste saka der gardsstyre er nemnt er i samband med utskifting av innmarka på Maberg i 1848 (RUDJORD 1980 s.268). Utmarka vart halde utafor, men bøndene vart samde om at den skulle klauvsetjast og brukast som før og det vart teke med reglar om markefuten:

"Markefogden vælges af og blant eierne hvert aar i marti maaned og ingen maa underslaae sig for valget"

og vidare skulle markefuten

"flittig eftersee gjærder samt eftersyn med fremmede creature enten selv eller drive dem ud eller tilskynde andre som maa være hine behjælpelig af eierne."

For Aust- og Vesthassel var det råd å gå gjennom dei fleste utskiftingane frå 1824 til 1871. Dette fordi gardsstyret har fengje trykt opp avskrift av fellesdokumenta som vedkjem baa gardane.

Utskiftingane på Aust- og Vesthassel som har reglar om valg av personar til å stå for fellestiltak er:

1. utskifting på Rauna - 1849
2. commisionsforlik - 1857
3. utskiftingsforretning - 1861
4. overutskifting - 1866
5. utskifting - 1866
6. overutskifting - 1871

Den eldste saka gjeld øya Rauna som låg i sameige med Kviljo (RUDJORD 1981, s.697) og i 1849 kom det til utskifting der. Det vart utarbeidd detaljerte reglar om beite, og kvart år skulle to menn ha tilsyn med at reglane vart overhaldne.

I 1857 er det eit commisionsforlik på Aust- og Vesthassel som gjeld utskifting av tangstranda. Forretninga kan meir karakteriserast som eit forlik og har truleg kome i stand som fylgje av konflikhtar som gjekk på deling av taren. Delinga skal utførast av tre menn, ein frå kvar av dei tre gardane; Austhassel og Kåde og Voan på Vesthassel. Dei tre vert namngjevne og det vert vedteke at det skal velgjast tre nye menn kvart år.

Det var ei tilsvarande sak nokre månader seinare som galdt vedlikehald av gjerde og oppsitjarane var tillagt ansvaret for

kvar sine strekningar. Men her er det ikkje reglar for valg tilsynsfolk.

I nr. 3 og 4 er det reglar om valg av to menn som skulle fordela det framtidige vedlikehaldet av felles vegar, vart dei ikkje samde om kven som skulle gjera det skulle det overlatast til "Fogden". Eg tolkar fogden til å vera den offentlege embetsmannen, og ikkje nokon gards- eller markefogd.

I den 5. utskiftinga er det fastsatt at 2 menn skal ha ansvaret for fordeling av vegarbeid og grøftarbeid. Dei skal velgjast av oppsitjarane med vanleg røystefleirtal minst ein månad før arbeidet skal starta opp.

Den 6. utskiftinga har reglar om at 3 menn, ein frå kvar av dei tre gardane, skal føra tilsyn med beite i myra og dei skal kvart år fastsetja kor mange kyr som kunne sleppast på beite. Dei skal velgjast av oppsitjarane etter vanleg røystefleirtal. Avtalen skulle gjelda i 10 år, deretter var det opptil oppsitjarane å avgjera etter "simpel Pluralitet" korleis saka skulle ordnast. Med dette var saka overlate til fellesskapet.

Det er ikkje funne reglar om valg av gardsfut eller tilsvarande. Reglar om noko slikt ville i fylgje Sevatdal (pm) ha vore uvanleg. Det er i høgste grad klart at desse reglane har vore retningsgjevande for arbeidet til gardsstyret på Aust- og Vesthassel. Etter som dei byrja å føra rekneskapsprotokoll i 1882 kunne det tenkjast at kasserarvervet var oppretta gjennom forlik. Statsarkivet i Kristiansand fann ikkje forlik for Aust- og Vesthassel i perioden 1870-1882.

Vågsvoll fekk i samband med utskiftinga i 1949, reglar om valg av gardsstyre. Det vart opplyst at systemet med markefut var gammalt, og det er mogeleg at ordninga kunne førast tilbake til ei utskifting av 1842. Markefuten hadde frå gammalt av hatt ansvar for bumarka og deling av tarerettane.

I 1923 ser ein at det i samband med ei utskifting på Nesheim vart vedteke at det skulle velgjast to menn til taredelinga for eit år om gongen. Dette skulle skje på vårtinget (avskrift av utskifting 18.12.1923). Her er det døme på at jordskifteretten var klar over at garden hadde gardsstyre og gardsmøte.

I fylgje opplysingar eg fekk under feltarbeidet vart det ved jordskifte på Kviljo i 1967, fastsatt reglar for gardskomite. Det skal kvart tredje år velgjast ein gardskomite på 3 medlemar og 2 varamedlemar. Dei skal stå for arbeidet med opparbeiding og vedlikehald av vegar og kanalar jamføre meir detaljerte reglar i utskiftinga. Alt arbeidet er fordelt prosentvis. Intervjuobjektet kjende ikkje til andre vedtekter for garden.

Det er lite grunnlag for å tru at gardsstyre på Kviljo vart oppretta i samband med jordskifte i 1967, for tilhøva på garden er mykje dei same som på nabogardar, som har hatt gardsstyre i lengre tid.

Seinast vintern 1990/91 vart det i samband med jordskifte på Nesheim på Lista gjort vedtak om oppretting av gardskomite som skal ha ansvaret for to vegar. Oppsitjarane bad om at det i reglane vart fastsatt at gardsformannen skulle vera formann i gardskomiteèn.

I Ulvik og på Opedal er det òg funne døme på at det i samband med jordskifte er valgt menn til å stå for sams tiltak (IFSK 3). Utskiftinga på Opedal var i 1890 og det vart vedteke at 2 menn skulle ha ansvaret for ei steinrøys som låg i sameige. Taksdal meiner at kontrakta og gardfútboka på Sæten er eit resultat av ei utskifting på garden.

Grannalaget på Henja har og valg av ulike komitear, om dette er i fylgje utskiftingar er ikkje klarlagt.

Utskiftingane har òg ført til at gardsstyra på Lista har vorte gjort overflødig.

Eit tidleg tilfelle kan vera Aust-Vere. I undersøkinga til IFSK kom det fram at det vart føreteke ei omfattande utskifting på garden i 1842. Det er ikkje kjent at det er halde gardsting på garden etter den tid.

Tradisjonen seier at "dei gamle rådslo i Krossen", og det er rimeleg å tru at ogso folket på Austvere i eldre tid har hatt sin markefut og sine markamøte, sjølv om tilhøva på Aust-Vere var noko enklare enn på Vest-Vere. Ved utskiftinga i 1842 vart marka delt særskilt mellom bruka, dei åtte heller ikkje tare-fjøre. Sett i høve til at det var ferre bruk vart det ferre problem som kanskje var lettare å løysa ved meir fredlege samtalar mellom brukarane vart det hevda i undersøkinga.

Det er rimeleg å tru at forma på gardsmøta på Lista varierte frå gard til gard på den tid. Det er mogeleg at oppsitjarane på Aust-Vere hadde fengje letta forholda såpass etter utskiftinga at det ikkje var naudsynt med ein sterk intern organisasjon.

I fylgje intervjuinga har aktiviteten i gardsstyret på Vest-Vere vorte kraftig redusert etter jordskifte på 1960-talet. Derimot viser det seg at gardsstyra både på Nesheim i Granvin og på Austad "overlevde" utskiftingane. Litt meir uvisst er det med gardsstyret på Lothe. Dei fortsatte med tingmøta sine etter at utskiftinga var ferdig, men kor lengje er uvisst.

Eg har i dette kapitlet vist at jordskifteretten har vedteke reglar for fellestiltak på svært mange gardar på Lista. Det er ikkje usannsynleg at det her er bygd vidare på eit gammalt system. Det kan tenkjast at gardar som ikkje har hatt gardsstyre like langt tilbake som t.d. Stave og Vest-Vere, har teke modell av styringsforma gjennom jordskifte. Jordskifteretten kan òg ha oppretta gardskomitear som vert oppfatta som gardsstyre. Aust- og Vesthassel fekk rett nok fastslått reglar for arbeidet sitt gjennom jordskifte, dette var likevel ikkje til hinder for at dei tok opp mange andre saker som vedkom fellesskapet.

For meg verkar det sannsynleg at det som skjedde på Nesheim i vinter har skjedd fleire gonger tidlegare og eg vil setja opp tre moglege alternativ for kva dei gardsstyra som eksisterar på Lista i dag er:

- 1 gardsstyre
- 2 gardsstyre vidareført som gardskomite
- 3 gardskomite

Noko svar på kva som er kva kan eg ikkje gje i oppgåva. Det krev ein grundigare gjennomgang av eldre og yngre jordskiftesaker, for å visa korleis jordskifte faktisk har påverka gardsstyre-institusjonen på Lista. Dette har ikkje vore aktuelt å sjå vidare på då det ligg utafor rammene for denne oppgåva.

## 5.2 Gardsmøta

Gardsmøte var samlingar der oppsitjarane kom saman for å diskutera og avgjera felles saker og for å gjera opp rekneskapen. Eg vil i dette kapitlet sjå på korleis gardsmøta fungerte m.o.t. tidspunkt, innkalling og møtestad og kven som hadde møterett.

Det er sannsynleg at mangt og mykje vart diskutert på møta, men at lite av det vart skrive ned, og kor mykje av det som vart skrive ned er uvisst.

Avtalane som oppsitjarane på Stave vedtok viser at arbeidet må ha vore langt meir omfattande enn det protokollane gjev uttrykk for.

Frå fleire hald er det kjent at oppsitjarane ofte kom saman på ein fast plass i eller utafor tunet, og drøfta saker av felles interesse (IFSK 3). Dette er skildra som høgst uformelle møte og skjedde ofte i samband med helge- og høgtidsdagar.



Lothe i Nordfjord er ein slik gard der oppsitjarane jamleg kom saman for å gjera dette. Lothe (1958) meiner at dette samfunnet var:

"bygd på likskap og samhald, - utan styrar eller styre og utan overklasse eller underklasse, - med faste, uskrivne lover, - moralsk, sosialt og politisk. Det var soleis eit anarkistisk - kommunistisk, - eit myntersamfunn,"

Likevel hevdar han at ei tid var møta nokså patriarkalske, med ein som styrde, men det var samhaldet og likskapen som rådde. Etter dagens forstand hadde dei ingen eigentleg sjef.

"han gav ikkje pålegg fyrr han hadde rådført seg med dei som møtte."

Lothe skildrar vidare korleis dei ordna seg reint praktisk. Når felles arbeid skulle gjerast måtte dei passa på at det høvde for alle. Noko styre eller styrar til å setja eit vedtak i verk trongst ikkje, for alle retta seg etter det og alle hadde høve til å kalla i hop til møte.

Arbeid som var overlata til notbasen og gjetaren diskuterte dei aldri.

### 5.3 Protokollar

I dette kapittelet vil eg skildra dei protokollane som einskilde gardsstyre har ført og peika på forhold om korvidt det var vanleg å føra protokollar og om det kan ha vore fleire enn dei som eksisterar i dag.

Referat og notat om garden sine fellestiltak kan ha vore ført anten i form av protokoll eller lausark. Kor mange av gardsstyra som har gjort dette er vanskeleg å sei. Det er registrert 6 gardsstyre på Lista som har ført eller fører protokollar og for landet ellers er det registrert 7 protokollar

(sjå vedlegg 13). På Lista fører 4 av dei fortsatt protokoll og 2 av desse starta opp etter krigen. Nesheim i Granvin og Henjagrendi i Leikanger fører også forstatt protokollar.

Føremåla med føringa må ha vore forskjellig. Difor gjev dei høgst ulike opplysingar og fortel langt frå alt. Dei få som finst gjev truleg berre opplysingar om ein del saker og litt innsyn i korleis viktige arbeidsoppgåver vart løyst i fellesskap.

Utfrå måten protokollane er skrivne på vil eg stutt karakterisera dei som:

- \* markerekneskap - oversikt over beitedyr i marka
- \* vedtaksprotokoll
- \* rekneskapsprotokoll
- \* kombinasjon av rekneskaps- og vedtaksprotokoll

"Gaarden Staves Markeregnskabsbog" frå 1804 er den eldste protokollen eg har registrert for landet i si heilheit. Den vart kjøpt inn av ein oppsitjar på Stave:

"Denne skrive Bog er for æret af Cristen Tønnesen til at indføre viktige ting for Staves beboere."

Protokollane for Stave er "markeregnskap", dvs. oversikt over beitedyra i marka og kor mykje oppsitjarane hadde tilgode eller skulda om dei hadde for lite eller for mange dyr på beite. Føringa er lite systematisk dei fyrste 50 åra, deretter byrjar det å betra seg. Namnet på markefut og den som starta opp gjetinga om våren er ført opp regelmessig. Frå fyrste tida er det ført inn ein del vedtak som vedkom fellesskapet, men det er mindre av dei på slutten av 1800-talet. Derimot vert det av og til gjeve fullmakter til markefuten som m.a. går på at han kunne ta inn utagards kyr i marka.

Frå århundreskiftet og fram til 1920-talet er det enkelte år utbetalt overskot av felleskassa som er utlikna etter skylda.

Bankboka for Stave viser at den økonomiske aktiviteten er størst i perioden 1907 - 1928.

I protokollen, ei kontrabok, som er nytta frå 1906 er det ikkje skrive noko om taresalget på Stave. Det var i denne perioden at inntektene frå dette var størst. I 1905 er det utgiftsført "en protokål og en Kontrabog" til kr 1,50, men protokollen dei kjøpte er ikkje funnen. Det kan tenkjast at den vart nytta til å føra opp taresalget i og har seinare kome bort. Frå 1925-1934 er det ført ei eige bok over taresalget.

Bankboka viser at gardsstyret på Stave hadde eigen konto i "Vanse Sogns Sparebank" frå 1893 - 1956.

Vest-Vere har protokoll og ein del notatar frå ca 1929 og framover. Ved undersøkinga til IFSK i 1948 vart det ikkje funne gamle protokollar, men det vart sagt at markefuten førde rekneskap og hadde det med seg på marketinga. Det er opplysingar om at Velle òg "førte markeregnskap" (IFSK 2). Dette vil eg tolka som om det vart ført oversikt over beitedyra i marka, og at det vart gjort notatar om det. Det trengde nødvendigvis ikkje vera i form av ein protokoll, det kunne like gjerne vera på lausark som etter kvart vart kasta.

Aust- og Vesthassel og Nesheim i Granvin har ført både vedtaks- og rekneskapsprotokollar. Møteprotokollane deira er dei mest systematiske med både underskrifter og nummerering av sakene.

Aust- og Vesthassel har gardsrekneskapsprotokoll frå 1882 og vedtaksprotokoll frå 1891. Fyrste posteringa i rekneskapsprotokollen var inneståande i Vanse Bank kr 73,37. Ved førespurnad i Sparebanken Sør kunne dei opplysa at denne kontoen var oppretta i 7.oktober 1882. Det er mogeleg at denne summen er kontantar frå ei felleskasse dei hadde før denne tid. I 1882 er det utgiftsført to protokollar, den eine må vera rekneskapsprotokollen, og den andre kan vera ein påtenkt møteprotokoll som dei ikkje nytta. I 1886 selde dei han for kr

1.-, og 12. mai 1891 vart det kjøpt ny forhandlingsprotokoll til kr 1,20.

Møtereferata for Aust- og Vesthassel er utførlege, men det er stort sett dei same sakene som går att: valg av ulike komitear og lønn til komitemedlemar, løyvingar til vedlikehald av vegar og grøfter og valg av 2 revisorar og ein kasserar.

I tillegg til møtereferata er det og teke inn avskrifter frå avtalar som er gjort med utaførståande og brev o.l:

- \* kontrakt med fyrvesenet
- \* avskrift av brev til Kviljo vedrørende Rauna
- \* kopi av brev til Vanse Heradsstyre om løyvingar til veg
- \* protestar frå grunneigarar når dei er usamde i vedtak

Rekneskaps-protokollen gjev opplysingar om alle inntekter og utgifter for gardsstyret. Den ført på ein korrekt måte og rekneskapsen har vore revidert sidan 1895 og samstundes byrja dei òg å nummerera bilaga. Heilt frå starten av gjeld mange av postane Rauna.

Midthassel byrja å føra protokoll etter utskiftinga i 1894 og den fyrste som er frå 1895-1935 er ein kombinasjon av vedtaks- og rekneskapsprotokoll. Føringa går i stor grad på taesalget, og salget og deling av inntekter er ført på ein regulær måte. I tillegg er det ført enkelte vedtak og utgifter i samband med veg og grøftearbeid.

På Nesheim er fyrste sak som regel godkjenning av rekneskapsen, deretter valg av tilsynsmenn og andre møtesaker. Frå laget si side vert det sagt at det vart ført protokoll før 1909 ("Hordaland" 4.2.1989), men at må vera bortkomen. Kasse har dei aldri hatt då alle utgifter og inntekter har vorte gjort opp på møta og utlikna etter skylda. Timesatsane for arbeidet har i alle år vore kr 0,25.

Protokollføringa er jamt over regelmessig, det kan vera eit og anna år det ikkje er skriva noko. Det lengste opphaldet er på Midthassel, her er det ikkje ført noko for perioden 1936-1940.

Protokollane som er omhandla i annan litteratur skil seg noko ut frå dei som er skildra her:

Frøysa sin protokoll skildrar forutan dei faste pliktene som er nemnt i forliket, også meir almenne og trivielle hendingar som gjekk på været, arbeidssyklusen gjennom året, korleis avlingane var m.m.

Austad sine protokollar viser at sakene har skifta og at arbeidsform og reglar vart tillempa utviklinga. Det saksområde som er oftast nemnt i referata er beite.

Sæten sin protokoll er i hovudsak ei rekneskapsbok, og gjev i stor grad innsyn i garden sin økonomi. Bødal har òg hatt ei liknande bok vert det hevda (TAKSDAL 1977).

Henjagrendi sin "Forhandlingsprotokoll" er frå 1912, men det vert opplyst at det må ha vore ført protokoll før den tid.

I forhold til Frøysa og Austad sine protokollar verkar det som at det er få saker som vart innført i protokollane på Lista. I staden for protokollar kan det vera at mange gardsstyre gjorde sine notatar på lausark, noko som har vore langt vanskelegare å samla på. Dette finn ein og døme på i dokumenta for Stave. I 1848 er både ein avtale om beite og rekneskapsnotatar skriva på same lausarket. Desse notatane kjem i tillegg til det som er notert i protokollen frå same år. Det er ikkje sikkert at dei var så konsekvente når det gjaldt føringa, og det har variert kva som vart notert på møta. Enkelte år var protokollføringa nokså sparsam, og det er ikkje utenkjeleg at ein del kan ha vorte ført på lausark.

Det viser seg såleis at protokollføringa ikkje har vore einsarta. På Lista er det saker vedrørande beitet og taren som dominerar, medan det i dei andre område har variert meir.

### 5.3.1 Innkalling og tidspunkt for møta

Korleis innkallinga til møta gjekk føre seg er det få opplysingar om, men inntrykket er at det vanlegaste var muntleg varsel.

På Aust- og Vesthassel og Midthassel var det vanleg at dei nytta bodstikka. Dei skreiv då tid og stad for møta på ein lapp som vart sendt rundt for at alle oppsitjarane skulle skriva under. På dette viset kunne dei kontrollera at alle oppsitjarane hadde fått melding om møtet.

På Vest-Vere, Vågsvoll og Nesheim i Granvin var det praksis med oppslag på ein påle e.l.

Det varierte kor ofte gardsmøta vart haldne. Nokre gardar hadde eit for året, andre hadde fleire. Det er ikkje utenkjeleg at møta oppstod når det var behov for det - som på Vest-Vere. Når det gjeld tidspunkta for gardsmøta er det lite anna å halda seg til enn protokollane.

Frå Gulatingslova og fram til 1860 galdt regelen om at grannastemne skulle haldast 15. mai. Eg har ikkje registrert at nokon av gardsstyra bruka å halda møta sine på denne dagen, men dei fleste hadde møta sine på vårparten.

Gjennom storparten av 1800-talet hadde Stave sine markerekneskapsmøte i mai. Dette var møte der dei kom saman for å avgjera rekneskapskapen frå året før, og få oversikt kor mange beitedyr som gjekk i marka. Etter kvart byrja dei å verta forskyvd til juni. I 1910 vart det gjort vedtak om at møta skulle haldast 14.

april. Jamføre spørjeundersøkinga har møta vortne haldne på denne datoen, dersom dagen ikkje fall på ein heilagdag.

Vest-Vere hadde opptil 3-4 møte for året. Under krigen frå 1807-1814 og i samband med jordskiftet på 1840-talet var møta hyppigare. Åraka til dei mange møta under krigen hadde visst samanheng med deling av vrakgods etter alle skipsforlisa på den tid.

Både Stave og Vest-Vere sleppte buskapen i marka på Hegnedagen - 3.mai. Det er ikkje utenkjeleg at dette var ein gamal tradisjon som kanskje har bakgrunn i Magnus Lagabøte si landslov der det vart fastslått at gjerda skulle vera satt i stand til den dagen.

Nesheim i Granvin heldt sine møte i januar medan Sæten hadde dei i julehelga og Austad hovudsakleg i oktober. På Lista vart møta jamt over haldne i perioden januar-mai, og under intervjuinga kom det fram at dei fleste bruka å ha eit møte pr år. I seinare tid har det vore vanleg å halda møte når ei sak oppstår, og det er ikkje alltid kvart år.

### 5.3.2 Møterett og møtestad

Møterett hadde som vanleg alle oppsitjarane, men om Vest-Vere vert det fortalt at det var mange andre som møtte opp for å høyra på. Det kunne gå livleg for seg på møta og det var ikkje uvanleg med mykje kjefting og smelling. Difor trekte møta ein del folk til seg, helst vart det ungdomen som møtte opp, men òg dei mest forvitne i grenda, vert det sagt.

Som regel var det mennene som møtte, men i dei tilfella det var kvinner som dreiv garden møtte dei. Anne Malene på Stave som vart enkje tidleg på 1800-talet deltok på gardsmøta der.

På tingstaden på Lothe var det berre mennene som møtte, kvinnene var der aldri.

Møtestadane var noko forskjellige. Det kunne anten vera ute eller inne. Var møta inne gjekk dei som oftast på omgang mellom oppsitjarane.

På Stave vart møta haldne hjå gardsfuten, dette kjem tydeleg fram alt i 1829. Då overtok Ole Mortensen markerekneskapen og året etter vart møte halde hjå han.

På Vest-Vere hadde dei som oftast møta sine på "Reisteinen". Det er ein ca 80 cm høg ridestein som er nokså flat og vid. Den er plassert på samlingsstaden i tunet som vert kalla "Douns". Noko spesiell forklaring på dette namnet er det ikkje. Plassen fungerte som ein slags tingplass. Den var ikkje inngjerda på nokon måte og det har heller ikkje vore minne om noka form for steinsetjing eller gjerde rundt den. Det vert samstundes opplyst at fleire større gardar på Lista har sin "Douns" i tunet.

På Aust-Vere kan dei ikkje visa til ei tilsvarande ordning. Men i undersøkinga til IFSK kjem det fram at det er kjent gjennom muntleg tradisjon at dei "gamle rådslo i Krossen". Dette kan tyda på at dei hadde sine samkomer før utskiftinga i 1842. Korleis desse eventuelt fungerte er vanskeleg å sei noko om, men det er ikkje utenkjeleg at dei hadde eit organ som likna på Vest-Vere sitt.

Ellers på Lista varierte møtestadane. Brekne bruka ha dei i eit båtskjul i mange år, medan på Vågsvoll nytta dei ofte ein låve til møtestad. Dei fleste haldt dei i private hus. Dette var tilfelle for Aust- og Vesthassel til eit godt stykke utpå 1900-talet, men dei betalte likevel husleige. Etter kvart gjekk dei over til å halda møta i bedehuset.

Midthassel heldt møta sine i den tidlegare private skulen.



Utafor Lista var det stort sett vanleg at møta vart haldne hjå gardsfutane. I Henjagrendi vart møta haldne i Fylkesmannsgarden so lengje fylkesmannen var gardsfut, frå 1912-1975.

Etter utskiftinga på Nesheim i Granvin har det vore vanleg å halda møta hjå ein av bispane. Men det vert sagt at det frå gammalt av stod ei stove i det gamle tunet som dei kalla tunstova eller tingstova (KVALEM 1967). Husa på garden var bygde opp rundt ein open plass - Tunskiftet -

"eit terranullius - eit ingenmannsland eller kanskje: allamannsland"-

Det var hit til denne plassen dei køyrde

"vetraveden og hatlebandi. Her vart veden verka og tømmer til husvøla øksa".

Det er ikkje utenkjeleg at det var her dei sat og samrårde seg om felles saker.

Frå eldre tid er det velkjent at oppsitjarane på same gard hadde felles hus. Etter som dei bygde egne vart dei gamle nytta i fellesskap.

Det er ikkje uvanleg at gardane hadde sin samlingsplass ute, anten det galdt formelle eller uformelle samkomer. For Sunnhordaland er det nemnt i undersøkinga til IFSK (3) at dei samlast på "Setesteinen". Lothe hadde sin samlingsstad på gardsplassen i tunet og skildringa av det er nok prega av at forfattaren må ha hatt eit nært forhold til tunet:

"Det var tingstaden og. Det var dette som gav Tunet slik høgd og vyrnad. Her vart alle ålmenne (offisielle) møte eller styremøte for alle innan Lotsvalda haldne. Like frå Lotstunet vart reist og til det vart rive i 1903, - nokre år seinare og."

Eg trur det har variert kor uformelle desse samkomene var. Mange stadar var dei nokså uformelle, og kva saker som vart drøfta kunne variera frå gard til gard.

#### 5.4 Kva praktiske oppgåver gardsstyra tok seg av

Eg vil no sjå på kva praktiske oppgåver gardsstyra løyste i fellesskap og korleis dei gjorde det. Eg har valgt å skildra arbeidet til gardsstyra på Lista og området ellers kvar for seg, for å visa kva oppgåver dei var opptekne av i dei forskjellige områda. På Lista har eg valgt å leggja vekt på Stave og Vest-Vere utfrå at dokumentasjonen er mest omfattande for desse to. For området ellers har eg valgt å leggja mest vekt på Nesheim i Granvin utfrå at eg òg har protokollane frå denne garden.

Utfrå kjeldene tyder det på at gardsstyra på Lista i stor grad var opptekne av dei same sakene. Utafor Lista har dette vore litt annaleis, noko som kan ha samanheng med regionale skilnader.

##### 5.4.1 Regulering av beiterettane

Oppsynet med beite har utan tvil vore den viktigaste saka for gardsstyra både på Lista og andre stadar. Dette vert stadfesta gjennom både skriftleg kjeldemateriale og intervjuinga. Føremålet for gardsstyra var å halda kontroll med at oppsitjarane retta seg etter gjeldande beiteretar og å føra markerekneskap. Med marka sikta dei tydeleg til utmarka. Klauvsetjing av marka vart ofte fastsatt i forlik og avtalar, og det var få tvistar som kom direkte til uttrykk gjennom protokollane.

På Stave var dei viktigaste sakene på markerekneskapsmøta å få

oversikt over kor mange dyr som vart sleppt i marka om våren, og oppgjer av rekneskapan frå året før. I 1812 klauvsette dei marka si sjølve. Ny klauvsetjing er ikkje registrert. Men i ein udatert avtale vert det vedteke at dersom oppsitjarane slepper færre dyr i marka enn kva dei har rett til, må dei sjølve syta for at andre fekk nytta retten. Garden sine eigne oppsitjarar hadde fortrinnsrett. Var det nokon som hadde for mange dyr måtte dei betala. Av og til vart det føreteke prisjusteringar på kva som skulle betalast for overskytande dyr.

På Stave gjette dei sauene fram til 1860-talet og ofte er det berre talet på sauer som er notert i protokollen. Gjetinga gjekk på omgang etter ei fast rute og i 1824 ser ein at ansvaret var fordelt etter kor mange sauer dei hadde i marka: 1 sau = 1 gjetedag. Når markerekneskapan vart avhaldt vart det notert kven som skulle starta opp for året. I 1821 vert det presisert at dyra skulle vera ute seinast kl 6.00, og inn att tidlegast kl 19.00.

Både Stave og Vest-Vere hadde bae reglar om at gjerda skulle vera satt i stand til Hegnedagen - 3. mai.

I 1913 vart utskiftinga av marka på Stave avslutta og oppsitjarane fekk tildelt dyrkingsfeltet i marka. Dei som dyrka opp stykka sine fekk redusert beiteretten sin med 4/10, men dersom dei ynskte å oppretthalda beitetalet kunne dei betala for dette noko dei fleste gjorde. På sikt vart skylda for beitet vert redusert frå 155 til 118,5 engelsk. Dersom alle hadde dyrka opp stykka sine skulle skylda ha vorte redusert til 93 engelsk.

Sjølv om marke-rekneskapsprotokollen for Vest-Vere er frå eit mykje seinare tidspunkt, tyder føringa på at oppgåvene vedrørende beite var dei same her som på nabogarden Stave og at det var regulert på tilsvarande måte. Kontrakta garden har frå 1836 går i stor grad på regulering av beite.

På Aust- og Vesthassel var tilhøva noko annaleis. Rauna var eit viktig beiteområde for sau, og på slutten av 1800-talet er det ikkje få saker som gjeld denne øya. Etter gjeldande avtalar er det kvart år valg av oppsynsmenn som skulle ha ansvaret for beitinga på Rauna. Det er ikkje ført markerekne-skap på same måte som på Stave, men det er førteteke prisfast-setjing på beitinga og innkrevjing av beitepeng.

Midthassel sin protokoll gjev lite opplysingsar om beitinga. Under intervjuinga kom det fram at gardsfuten på Vågsvoll òg hadde ført markerekneskap. Det er ikkje utenkjeleg at dette har vore tilfelle på andre gardar òg.

#### 5.4.2 Regulering av tarerettane

Frå slutten av 1800-talet og fram til ca 1930 var tang og tare ein svært viktig ressurs for Listabonden. Dette vert stadfest gjennom både protokollar og intervjuing. I alt vart det registrert 16 gardar med strandrett i dette området som har/har hatt gardsstyre, og eg har opplysingar om at fylgjande gardsstyre hadde ansvar for taredelinga:

- \* Nesheim
- \* øvre Nordhassel
- \* nedre Nordhassel
- \* Kviljo
- \* Borhaug
- \* Tjørve
- \* Vågsvoll
- \* Brekne

Gardsstyra si oppgåve gjekk på å fordela taren eller inntektene av taresalget mellom oppsitjarane. Protokollane gjev mest opplysingar om kven som kjøpte, kor mykje dei kjøpte og kva dei betalte. Reglane varierte noko frå gard til gard, og for

gardsstyra galdt det å ha kontroll med at taresalget eller delinga fungerte etter gjeldande reglar.

Reglane for taresalget er for det meste fastsatt i forlik eller utskiftingsforretningar. Jamføre intervjuinga så gjeld dei gamle reglane fortsatt.

På Stave vart den fyrst tareauksjonen notert i 1808. Nokon fast registrering av taresalget vart det ikkje før på slutten av 1800-talet og det er uvisst kva taren hadde å sei for økonomien i denne tida. I avtalane om utleige av båt plass frå ca 1818 er det ikkje sikta spesielt til tarebåtar, men i protokollen vart det ofte notert inntekt for utleige av plass til tarebåtar. Bankboka viser at den økonomiske aktiviteten var størst i perioden 1907 - 1928, og dette kjem av taresalget.

Sjølv om rettane var regulerte gjennom ulike avtalar er det registrert tvistar om salget. Særleg gjeld dette Aust- og Vesthassel sitt taresalg på Rauna på slutten av 1800-talet.

På eit møte tidleg i desember 1896 vart det vedteke at reglane skulle endrast. Tre av oppsitjarane protesterte, dei var usamde i dette. Resultatet vart at dei kravde overskotet i felleskassa delt og sauebeitet på Rauna oppheva. Tumultane roa seg imidlertid, og rett etter nyttår vart dei samde om ny avtale for taresalget og at beiteavtalen skulle oppretthaldast. Ein ny og meir inngåande avtale vart vedteke i 1898.

Ei ny sak dukka opp igjen i 1912. Det vart gjort vedtak om at selgjarane skulle avgjera korvidt buda på tareauksjonen skulle godkjennast eller ei. Tangen vart seld på det vilkår at aska skulle leverast til kjøparane i Austhasselstranda når prisen der ikkje var mindre enn hjå andre kjøparar. Året etter vart saka på ny teke opp til grundig drøfting, og resultatet vart omlag som året før. Sjølv om taresalget er dominerande i protokollen for Midthassel kjem det ikkje fram tvistar.

### 5.4.3 Gardsstyret på Stave sine oppgaver

Gjennom dei omfattande dokumenta frå Stave får ein eit godt inntrykk av kva oppgaver dette gardsstyret tok seg av.

Frå avtalen av 1800 kjem det fram at vraggods over 10 skilling og opptil 12 skilling skulle tilhøyra fellesskapet, eg har ikkje funne døme på at dette er notert i protokollen slik det var føresettt i avtalen.

Kor vidt gardsstyret på Stave hadde ansvaret for fordelinga av laksefiske er uklart. Det står omtalt i forliket frå 1801, men det kjem ikkje fram kva saka gjeld, og det er ikkje nemnt i protokollane igjen før på 1950-60-talet. På Vest-Vere var oppgåva med å regulera denne retten og fordelinga av vraggods overlatt til markefuten. Det kan tenkjast at reglane dei hadde for delinga av desse rettane fungerte greidt og at det ikkje var grunnlag for tvistar på desse områda.

Gardsstyret på Stave leigde og ut båtstø til naboar som ikkje hadde strandrett. Jamføre panteregisteret vart det tinglyst to avtalar i 1820. Leigeprisen vart fastsatt til 60 spesieskilling i året, truleg fordelt på dei tre leigarane. Dette skulle då utgjera ei inntekt 120 spesieskilling pr. år. Inntekta frå båtlegeiga vart ofte ført opp i protokollen, men den kjem aldri opp i den nemnde summen. Det var detaljerte reglar for kva leigetakarane kunne tillata seg og dei måtte på ingen måte føreta seg noko som gjekk ut over oppsitjarane sine interesser.

I samband med utbyggjing av havna vart det i 1889 gjort vedtak om å ta opp lån på kr 200.- til arbeidet. Ein av oppsitjarane står som låntakar og dei andre er ansvarlege etter skyld og bruk.

Dei to avtalane frå 1847 og 1848 er døme på at gardsstyret på Stave ordna opp i jordskifteforretningar sjølve. 5.mars 1847 vart det vedteke at utmarka skulle vera felles når det galdt beite og torvrettar. Det skulle avgjerast for kvart år kor

mykje kvar oppsitjar kunne ta ut etter skylda på bruket. Med dette kan dei ha oppheva alle gamle rettar som vedkom beite og torvskjering i utmarka. Som fylgje av dette vart det året etter fatta eit nytt vedtak. Sidan dei hadde gjeve avkall på dei gamle rettane sine om torvskjering i marka, vart dei samde om å skilja ut eit område der som skulle fordelast etter skyld og bruk på oppsitjarane. Dei kunne sjølve avgjera om dei ville nytta dei nye teigane til torvskjering eller til dyrking. Dei måtte sjølve setja opp lovleg gjerde, og det måtte òg "kostas gode siøns mænd" til arbeidet.

Det ein ville ha forventta etter ei slik sak er at ho vart tinglyst for å vert gjort rettskraftig. Spørsmålet er om dei fylgde gamle tradisjonar i dette høvet og at dette var ein vanleg måte å gjera det på når ny jord skulle utskiljast frå sameiga og overtakast av dei einskilde oppsitjarane. Så lengje dei klarde å ordna opp i slike saker internt var det ikkje naudsynt å gå om embetsverket.

Om avtalen vedrørande torvskjering er gjort før eller etter dette er vanskeleg å sei. Den kom i allefall i stand som fylgje av ei alt for sterke utnytting av denne viktige ressursen. Etter avtalen skulle alle skjera torv etter skylda og måten dette skulle gjerast på vart nøye skildra.

I dei tre avtalane som her er skildra står ikkje gardsfuten nemnt, men dei gjev tydeleg uttrykk for at det er saker som gjeld heile fellesskapet og som dei ordna opp i sjølve.

Den omfattande dokumentasjonen om gardsstyret på Stave viser at gardane kan ha ordna opp i ei rekkje saker sjølve. Kor omfattande det organiserte samarbeidet på Stave var, vil ein nok aldri få vita. Det som viser seg er at garden ordna opp i ei rekkje saker internt. Saker ein kanskje kunne ha forventta vart ordna opp i gjennom embetsverket.

#### 5.4.4 Felleskassa på Stave

På Stave er det ei sak som har peika seg ut og som viser korleis gardane kunne ordna seg og tildels fungera som ei økonomisk eining (vedlegg 14).

3. september 1816 vedtok oppsitjarane på Stave ei kontrakt som gjekk på å oppretta ei felles kasse. Kvar skulle skyta inn 1/4  $\frac{1}{4}$  ottong korn pr. engelsk og av poteter skulle dei syta inn det doble. Kornet kunne selgjast etter den "tiids pris", men vart det lånt korn skulle det betalast 1/5 til kassa, som "er 5 fierding for en tønne". Vart det lånt poteter skulle det betalast 1/5 som "er en tønne for 3 fierding". Ved lån av peng frå kassa skulle det betalast rente og det kunne takast pant for lånet.

Eit halvår seinare var dei samla "for at optage de Jordæbler som hvar indskud af gaarden til en fæles Casse til nytte for den hele gaarden". Etter årstida å døma må det vera innsamling av setjepoteter. Samtidig vart det lånt ut korn til 4 stykker, dette skulle betalast tilbake om hausten i same mål som dei hadde fengje det. I mars 1817 vart dei samde om at dei skulle nytta eit felles jorde til beste for dei alle i 10 år. "og hvad frugten angaar skal handles efte den forening af 3.september 1816". Dette kan tyda på at ei avling frå stykket skulle nyttast på same måten som kornet og potetene.

Korleis utlånssystemet fungerte er uklart, men i 1826 er det oppført 4 personar som tok opp lån i perioden 1819-1821. Under avtalen om utskiljing av jordstykket i 1847 står det:

"... men jeg synes at det er best at vi laane ver i kassen 100 daler til at opdørke sine gaarde ..."

Dersom det var meint spesiedalar tyder dette på at garden måtte ha ei kassebeholdning på 1000 spesiedalar noko eg synest verkar urimeleg. Det kan vera meint 100 spesieskilling. Men dette er



likevel meir enn kva som er nemnt i protokollen. Same dag er det notert at dei har 2 spesiedalar - 4 ort - 12 skilling i kassa. Spørsmålet er om dei kan ha ført to separate rekneskap, eit for markerekneskapen og eit for bank/utlånsverksemda? Det er tydeleg at dei hadde kasse til markereknskapen før denne tid. Med oppretting av felleskasse kan det vera sikta til sjølve bank/utlånsverksemda.

Opplegget viser eit system der garden står fram som ei sjølvstendig økonomisk eining, der siktemålet måtte vera å sikra seg om det skulle koma uår eller om nokon kom i økonomisk uføre. Kva som kunne vera bakgrunnen for at dei sette i gang dette tiltaket er uvisst, men eg vil peika på nokre forhold.

Tidleg på 1800-talet vart det på bygdene oppretta kornmagasin som skulle sikra folket korn i uår. Kanskje bøndene på Vere oppretta sitt eige private magasin som var meir omfattande enn dei offentlege magasinane? Eller kanskje det var indre forhold som forårsaka dette?

I 1810-11 kjøpte ein av oppsitjarane på Stave, Ole Olsen Stave, opp store mengder korn etter å ha tent seg rik på kaperfarten (RUDJORD 1980, s.31). I 1812 vart det uår og salget gjekk unna. Folk betalte med gull, sølv eller messing og på dette viset fekk han lagt seg opp ei stor formue. Det er ikkje utenkjeleg at dette har vore ein utløysande faktor for dei andre i fellesskapet. Harme over at ein av deira eigne utnytta armada kan ha forårsaka at det vart pressa på for at oppkjøp og salg skulle skje i fellesskap. Eller det kan ha vore slik at dei saman såg ein sjanse til å finna ei ny inntektskjelde for garden?

#### 5.4.5 Oppgåver til dei andre gardsstyra på Lista

Eg vil no gå inn på kva andre saker som opptok gardsstyra på Lista. Viktige saker var m.a. gjerding, vegarbeid og grøfting.

Ein avtale for Vest-Vere frå 1845 viser at oppsitjarane delte gjerdinga mellom seg etter skylda. Det same vart avtalt for nokre vegstrekningar i 1870. Men i 1907 greidde dei sannsynleg ikkje å verta samde. Opparbeiding og vedlikehald av fellesvegar måtte fordelast gjennom vegskjønn.

Aust- og Vesthassel fekk fastslått mange av sine vedtekter gjennom jordskifte, men det viser seg at gardsstyret ordna opp i mange andre saker som vedkom fellesskapet. Det spørers då om dei ikkje gjorde dette utfrå tradisjonar? Det er tydeleg at dei har samarbeidd før denne tid, for gjennom IFSK kjem det fram at dei hadde felles kornturke. Dette har ikkje kome fram gjennom anna dokumentasjon.

Både på Hassel-gardane og Stave var salg av lausmasser ei lita inntektskjelde. I 1898 inngjekk oppsitjarane på Aust- og Vesthassel avtale om å leiga bort eit stykke i utmarka til eit teglverkskompani. Dette prosjektet vart ikkje nokon suksess og i 1901 ettergav dei grunnleiga då det ikkje hadde kome i drift. I tillegg selde både Stave og Midthassel grus og det vert reagert mot dei som tok seg for mykje til rette på dette området anten det var innagards- eller utagardsbuande.

Det er høgst forskjellig kva felles tiltak gardsstyra ordna opp i, og eg skal kort nemna opp nokon:

Aust-og Vesthassel gjorde i 1908 og 1921 vedtak om forbod mot jakt på eigedomen for uvedkomande. I 1938 fekk dei maskinskrive utskrift av utskiftingspapira for dei to gardane.

Midthassel kan i fylgje opplysingar i protokollen ha hatt felles treskemaskin og tallerken-harve  
Øvre og nedre Nordhassel hadde felles treskeverk frå 1919-1964 og førde eige rekneskap for denne.

Intervjuinga og protokollane har ikkje gjeve opplysingar om

korleis dei ordna seg ved meir praktiske gjeremål på garden. Derimot er dette delvis skildra i undersøkinga til IFSK for Vest-Vere.

På marketinga på Vest-Vere tok dei opp saker som vedkom "tunromme" som var nemninga på sjølve tunet. Det dreia seg mykje om mittingar (gjødtsel), steingjerde og bygningar som ville hindra fri ferdsle. Heile tunområdet var felles, noko som var tilfelle for Stave òg. Tunet hadde vakse fram av seg sjølv, i det kvar mann hadde hevda bruksretten til tunplassen rundt bygningane sine. Gjennom tida gjekk bruksretten over til påstått eigedomsrett ved hevd. Det seier seg sjølv at dette gav grobotn for strid. Vegane var delt opp i stykke og kvar oppsitjar hadde vedlikehaldet etter skylda, og dei bruka som hadde lengst veg til budrifta var bundne med muntleg vedtekt kvar dei skulle føra dyra gjennom tunet. Ved husbyggjing måtte oppsitjarane fara varsamt fram og det vert skildra på fylgjande måte (IFSK 2):

"Ingen mann har uten videre kunnet sette opp nye hus eller flytte eller bygge på sine eldre bygninger, hvor han ville innafor garden felles tunområde. Det ble alltid avgjort minnelig, etter mer eller mindre forutgående drøftelser og stridigheter."

Skylda vart som regel lagt til grunn for fordeling av faste oppgåver. Overskotet i kassa vart delt etter skylda, etter at alle utgifter var dekket. På slutten av 1800-talet og utover mot 1920 vart det meir vanleg å setja bort vegarbeid, gjerding og grøfting på tilbod eller det vart fastsatt timelønn for felles arbeid som skulle gjerast.

#### 5.4.7 Oppgåver til gardsstyra utafor Lista

Eg vil her visa kva oppgåver gardsstyra utafor Lista tok seg av og har lagt størst vekt på Nesheim i Granvin.

Det er tydeleg at regulering av beite var den viktigaste saka for gardsstyra utafor Lista òg.

Grannalaget på Nesheim i Granvin hadde ei vedtekt å halda seg etter der retningslinjene for arbeidet i laget står, men det er tydeleg at dei engasjerte seg i saker utover det.

Etter vedtekta skulle bispene hovudsakleg føra tilsyn med gjerde, grindar, vegar og sauegjeting. Fellesgjættinga fall bort for lengje sidan, siste gongen det er nemnt i protokollen er i 1914.

Gjerdinga har i alle år vorte ordna slik at kvar har ansvar for sin del, og innkjøp av gjerdestolpar er fordelt etter skylda.

Grannalaget engasjerte seg i fleire andre saker enn det som står i vedtekta. Fram til 1966 hadde dei okse saman, to oppsitjarar delte ansvaret kvar vinter. Fram til 1947 hadde dei felles slipestein som var driven av vasskraft. Opp gjennom tidene har dei m.a. hatt felles

- \* såmaskin - kjøpt i 1918
- \* potetopptakar - kjøpt i 1964
- \* blandemaskin - kjøpt ca 1970

Grannalaget engasjerte seg òg i ein del saker som gjekk på tilhøvet mellom garden og utaforståande interesser. I 1918 sytte dei for å byggja telefonlinje fram til garden. Kostnadsfordelinga skjedde delvis etter skylda. På same tid var dei i tvist med Granvin Skyttarlag om bruken av skyttarbana. Laget fylgde ikkje dei reglane som galdt for bruken av bana, og vart pålagd å syta for vakt i området under skytinga. På 1920-talet vart det utarbeidd planar for senking av Granvinsvatnet. Då Voss - Eidesbana vart bygd i 1930 var det fare for innsnevring av elveløpet ved byggjing av ei bru, dette vart ei viktig sak for laget. Ellers finn ein lite om denne bana som vart lagt forbi gardane.

I 1936 fekk ungdomane på Nesheim tildelt ei hyttetomt på stølen Grostøl, men om hytta vart bygd opp er uvisst.

Av og til dukka det opp ein og annan tvist, men det kunne like gjerne vera med utagardsfolk. Ingen vart på nokon måte hengd ut i protokollen for dette, men namna på dei det galdt vart nemnt og kort kva saka galdt.

Både Austad og Frøysa engasjerte seg i bygging av kraftverk, berre sistnemnde klarde å realisera det. Ellers tok baa desse gardsstyra opp mange forskjellige saker som vedkom felesskapet.

På tingmøta på Lothe tok dei opp alt som vedkom grenda, men ikkje saker som tulen (gjetaren) og notbasen hadde ansvar for. Dei tok opp saker som:

- \* pløying
- \* slåtten på stølen, på fjellet og i sameiga
- \* sauesanking
- \* buføringa heim att om hausten og mykje meir

Det viser seg at dei viktigaste sakene for gardsstyra var å regulera utnyttinga av beite ved å fastsetja talet på beitedyr, og dernest fastsetja reglar for gjerding eller gjeting. Utover dette var arbeidet tilpassa ressursituasjonen og kva som opptok oppsitjarane til ei kvar tid. Det er tydeleg at nokre gardsstyre greidde å fylgja med utviklinga i samfunnet og tok opp nye saker etter kvart som dei oppstod.

### 5.5 Løysing av tvistar

Tvistar vart som regel løyst internt. Av og til kjem det tydeleg til uttrykk konflikhtar mellom oppsitjarane. Både på Stave og Aust- og Vesthassel er det funne døme på at dei fekk offentleg avgjerd på tvistar med naboar. Men ein ser òg at det

var ynskje om å løysa dei internt.

Avtalane frå Stave tyder på at gardane kan ha ordna det meste internt. Men det er berre den avtala som går på regulering av torvrettane som har reglar for brot på reglane. Dei som ikkje retta seg etter ho, skulle året etter tapa tilsvarande det dei anten hadde teke for mykje eller det dei hadde øydelagt.

Eit spørsmål er kor demokratiske avgjerdsleane var dersom det oppstod tvistar i eit fellesskap. Avtala frå Stave frå 1800 kan gje ein peikepinn på dette. Det kan tolkast som at det måtte til eit nokså stort fleirtal for at ei sak skulle kunne vedtakast, eg siterar:

"Naar alle paa en eller toe nær er chontant da at blive lyd (ige?) med mengden, at kierlighed og enighed kand blive veed, ...".

(mi utfylling)

Dette kan tyda på at det er meint at fleirtalet måtte vera så stort at dersom meir enn to var usamde så kunne det ikkje gjerast vedtak i ei sak.

I samband med avtalen på Vest-Vere frå 1836 vart det vedteke at born kunne takast som vitne i saker når tjora husdyr hadde brote seg lause og gjort skade. Årsaka var at borna som regel det borna som var nærast til å oppdaga slike hendingar då dei vaksne som oftast var opptekne med arbeid andre stadar.

Gjennom IFSK vert det hevda at oppsitjarane på Vest-Vere forsøkte å løysa alle saker internt. Vegskjønssaka frå 1907 viser at dei ikkje alltid klarte dette. Skjønnet vart halde etter § 83 i veglova av 1851. Etter denne regelen kunne det haldast lensmannsskjønn når eigarane av private, felles vegar ikkje vart samde om opparbeiding og vedlikehald av dei, og det vart kravd av fleirtalet.

På Aust- og Vesthassel vart det i 1891 i ein avtale om Rauna vedteke at folk som jaga eller skremde dyr på øya, skulle

meldast til politiet. I 1904 vart det gjort vedtak om innkrevjing av uteståande krav i samband med taresalget. Kasseraren fekk løyve til å gå rettens veg for å få det inn. Dette gardsstyret fylgde i stor grad dei offentlege spelereglane på dette feltet. I samband med intervjuinga og spyrjeundersøkinga på Lista kom det tydeleg fram at gardsstyra ikkje hadde noko anna mynde enn å påleggja andre oppsitjarar å utføra arbeid dei var pliktige til jamføre jordskifte eller andre avtalar, eller at arbeidet vart utført på vedkomande si rekning. I fleire av avtalane som er nemnt under kapittel 5.4.1 er det reglar for korleis brot på avtalen skal handsamast.

På Austad søkte dei å løysa alle konflikhtar internt, anten dei var mellom oppsitjarane på garden eller dei var med nabogardar. Interne konflikhtar som vart løyst minneleg vart nemnt i protokollane.

Kvalem (1967) hevdar at det var straff nok for oppsitjarane på Nesheim i Granvin å få namnet sitt i protokollen. Det var ikkje noko form for uthenging, berre ei presisering av at arbeidsplikta ikkje var overhalde og at etterkomarane kunne lesa om det i protokollen.

Både Såten, Frøysa og Nesheim i Granvin hadde reglar om brot på avtala. Den mest omfattande hadde Frøysa der det vart fastsatt reglar for bøtlegging og at bøtene skulle nyttast til felles beste for garden.

På Lothe var straffa for å bryta lovene at dei som gjorde det kom på folkemunne og vart hengt ut til spott og spe. Dette var som regel hard nok straff.

Det viser seg at dei innbyrdes reglane var strenge, sannsynleg har "spelerommet" for den einskilde vore lite og oppsitjarane har halde kvarandre etter "Øyrene" så lang som råd. Trengde dei det gjekk dei om offentleg domsmynde.

### 5.5.1 Ranehussaka

Dette er ei sak som har peika seg ut når det gjeld å kunna referera til tidlegare vedtak som vart protokollført, og litt om korleis gardsstyra har tradisjon i å løysa felles problem. Frå langt tilbake har Aust- og Vesthassel hatt eit hus på øya Rauna. 21. januar 1896 vart det vedtaksført eit utkast til kontrakt mellom Fyrvesenet og oppsitjarane på dei to gardane. Det vart vedteke at huset skulle overdragast til Fyrvesenet utan godtgjerdelse og i den stand det var i. Vilkåra var at dei overtok vedlikehaldet og at eigarane fekk høve til å nytta huset under midlertidige opphald på øya etter gjeldande reglar. Huset skulle primært nyttast av folk som måtte søkja nødhavn.

Etter kvart som situasjonen i kystfarten endra seg, fann fyrvesenet ut at dei ikkje trengde huset lenger, og det vart fortaut korleis saka utvikla seg vidare:

Då det vart slutt på bruken av redningsskøytene og Fyrvesenet ikkje lenger såg seg tent med huset overførde dei det til Lista Museum, som igjen overførde det til ein friviljug organisasjon. Det var dette siste som fekk brukarane på Aust- og Vesthassel til å reagera. Den gamle kontrakta frå 1896 vart trekt fram att. Ei vurdering frå Noregs Bondelag sitt juridiske kontor tilsa at den gamle kontrakta fortsatt galdt. Dette gav bøndene på Aust- og Vesthassel styrke. Ved neste årsmøte i Lista Museum møtte dei mannsterke opp som nye medlemmer og gav uttrykk for sitt syn. Resultatet vart at oppsitjarane på Aust- og Vesthassel fekk huset sitt tilbake".

Eg vil sei at problemet vart løyst på minneleg måte slik som gardsstyra sannsynleg har god tradisjon i. Eit alternativ var å gå rettens veg, noko dei denne gongen også slapp unna.



## 6 GARDSFUTEN

Gardsfuten var den personen som leia arbeidet i garddstyret gjennom året. Eg vil i dette kapittelet sjå på kva som særmerkte dette vervet, korleis utnemning skjedde, kva tittel og kva oppgåver han var tillagd.

### 6.1 Utnemninga

Reglane for utnemninga av gardsfut varierte noko. Nokre stadar vart han valt, andre stadar gjekk det på omgang. Gjennom forskjellige kjelder kan ein få inntrykk av at dersom det fanst leiarar på gardane, så hadde dei peika seg ut i kraft av sin posisjon eller mynde.

På Lista var det vanleg at same personen var gardsfut i fleire år i strekk, men det skjedde likevel formelle valg på gardsmøta, dette gjeld m.a. Vest-Vere, Vågsvoll og Brekne.

Stave er einaste garden på Lista der ansvaret skulle gå på "børt" (omgang) mellom oppsitjarane, noko som var fastslått i vedtekta frå 1800. Skifte skulle skje på Hegnedagen - 3.mai. Det kan vera at sjølve tilsynsarbeidet vart overlata til ny person denne dagen, men jamføre protokollane ser ein at det var vanleg at markerekneskapen vart overlevert på markerekneskapsmøta.

På Maberg vart det ved utskiftinga i 1848 (RUDJORD 1980, s.268) vedteke at "Markefogden vælges af og blant eierne hvert aar i marti maaned, og ingen maa underslaae sig for valget". Vidare står det at den som hadde hatt vervet eit år kunne nekta attvalg til oppgåva hadde gått rundt. Det synest som om at markefogd vervet gjekk på omgang her òg.

På Aust- og Vesthassel var det kvart år valg av forskjellige

komitear, som regel var det stor utskifting av folk, men kasserar og revisorar vart sjeldan utskifta. Men med ca 15-17 tillitsvalde av ca 20 oppsitjarar er det tydeleg at ansvaret vart fordelt.

På Langeland var praksis slik at den eldst brukaren hadde vervet so lengje han sat med garden eller sjølv ynskte det. Her vart det opplyst av ein informant at det var eit ærefullt verv. På Nesheim på Lista, var det tidlegare vanleg at gardsfuten plukka ut etterfylgjaren sin. Jamføre forliket av 1819 tyder det på at ansvaret for oppsynet på garden gjekk på omgnag mellom oppsitjarane.

Utafor Lista var det vanlegaste at vervet gjekk på omgang mellom oppsitjarane og at dei hadde det eit år om gongen.

Djupvik hadde ein regel om at vervet skulle skjøttast etter skyld. Garden var skyldsatt til 24 engelsk, og hadde eit bruk 3 engelsk i skyld, skulle dei ha gardfutvervet 3 år tilsaman, i løpet av 24 år.

I Henjagrendi i Leikanger var det praksis at fylkesmannen sjølv var gardsfut og i perioden frå 1912 - 1975 var det tre leiarar.

Frøysa hadde ei gjetlerute som dei fylgde for å halda kontroll over kven som skulle vera oppsynsmann til ei kvar tid. Det er ikkje utenkjeleg at dei hadde noko liknande system i andre gardsstyre der arbeidet gjekk på omgang.

Østberg (1928, s.26) viser til kongen på Musgjerd, Sunndalen på Nordmøre. Dette vervet gjekk på omgang mellom oppsitjarane slik at dei sat eit år om gongen.

Loen er den einaste staden der det er nemnt at det var tillate at ein oppsitjar var gardfut for ein annan (TAKSDAL 1977).

Eit av spørsmåla i undersøkinga til IFSK var om det fanst leiarar i grendene i det gamle bondesamfunnet.

Tendensen i svara er at det var utbreiddt med grendehovdingar. Det var føretaksame menn som tok leiarskapen, anten på garden eller i grenda.

Frå Hardanger er det skildra på denne måten:

"Det kunne vera ein mann som etter børt (tur) tok avgjerdsler i sams saker og gjorde opptaket til sams arbeid. På bygdamål kalla "pave" eller "konge". Det var ingen granne som her "tok" førarskapen. "Kongen" var aldri anna enn ein ombodsmann og arbeidet hans var eit tillitsyrke som han tok når turen hans kom og som han gav i frå seg når hans tenestetid var ute."

I Skånevik var det slik at:

"den som hadde fengje meir enn dei andre av vet og elles hadde pengar på kistebotnen og hadde skikka seg så at ingen "hadde noko å krevje" som var sjølvstilt til å føra ordet \_\_\_\_\_ i tunet eller på setesteinen".

I Ålhusgrenda i Jølster var det derimot motsatt. Her var det Øvrebøætta -lensmannsætta- som hadde ansvaret for å husa møta frå 1600-talet. Der låg alle gamle brev om grannetilhøve, ogso i 150 år då der ikkje var lensmann.

I Todalen på Nordmøre (ØSTBERG 1928, s.24) var det ein mann, Per Veian, bonde og lensmann og "storeigarn" i grenda, som tok styringa. Han tok initiativet og fekk satt i gang mange nye tiltak på garden.

Som vanleg var det husbonden som var gardsfut, men i dei tilfella garden vart styrd av ei kvinne var det vanleg at ho hadde vervet. Fyrst på 1800-talet var det ei enkje på Stave - Anne Malene -. I 1823 overtok ho "opsyn med marken, som hun foreter med flid i alle dele".

Både Østberg (1928,s.26) og Opedal (1954,s.32) meiner at det var sjeldan at leiarane var formelt valgde. Som oftast peika dei seg ut i kraft av sin posisjon eller personlege eigenskapar.

Opedal meiner vidare at dei fleste grendene ikkje hadde styrar eller tilsynsmann.

"Jordamennene tyktest mykje godt jambyrdige å vera, og kom i hop og dryfte ymis samvinna som likemenn."

Dette gjeld Lothe, då det vert hevda at dei ikkje hadde nokon fast leiar, alle var jambyrdige.

Eg trur ikkje ein kan sei at tilhøva var slik eller slik, men at det var variasjonar i korleis ansvaret for arbeidet vart delt. Det kan vera at arbeidsoppgåvene vart fordelt etter evna til dei forskjellige oppsitjarane på garden, eller at visse typar arbeid var organisert på ein bestemt måte.

Gardsfut-systemet ber preg av å vera ei ytterst demokratisk ordning, etter dagens normer. Om enkelte gardar hadde ein leiar som styrde i kraft av si mynde er det ikkje urimeleg å tru at ansvaret for ein del felles arbeid gjekk på omgang mellom oppsitjarane. Dei gardane som hadde eit system der ansvaret gjekk på omgang kan like gjerne ha hatt ein person i sin mitte som styrde meir enn dei andre. Dette var m.a. tilfelle på Austad vert det hevda. Mitt intrykk er at gardsstyra jamnt over var svært demokratiske, etter dagens forstand, når det galdt å fordela ansvaret på medlemene.

## 6.2 Gardsfuten sine oppgåver

Gardsfuten sine oppgåver kunne vera fastsatt i ulike avtalar eller det hadde utvikla seg ein skikk og bruk m.o.t kva han skulle ha ansvaret for. Han var tillagd ansvaret for

overoppsyn med fellestiltaka på garden. På Lista var dei mest vanlege sakene:

- \* tilsyn med gjerding, grøfting og vegarbeid
- \* salg eller deling av tang og tare
- \* føring av protokollar
- \* halda oversikt over talet på beitedyr

Reglane for arbeidet til gardsfuten på Stave er fastslått i vedtekta frå 1800. Han skulle m.a.

- \* føra tilsyn med gjerde, grinder og vegar
- \* ta inn grindene om hausten
- \* ha ansvar for framande husdyr som braut seg gjennom gjerda
- \* føra rekneskap

Etter avtalen om torvskjering skulle han òg føra tilsyn med at dette arbeidet vart gjort etter gjeldande reglar.

I IFSK si undersøking var det lagd ved ein instruks for markesfuten på 8 pkt. Kva instruksjonen er bygd på var det ikkje skrivt noko om. Reglane gjekk i korte trekk ut på fylgjande:

1. Kalla saman til møte.
2. Overoppsyn med at oppsitjarane overhaldt gjerdeplikta - alt skulle vera ferdig 3. mai.
3. Ha oversikt over buskapen i marka.
4. Føra rekneskap og vera kasserar.
5. Overoppsyn med at oppsitjarane overhaldt vegarbeidsplikta si, og var med å reinske sletta ved stranda.
6. Ansvar for deling av taren.
7. Oppsyn med delinga av brenntorv og mittingstorv i marka (i eldre tid).
8. Oppsyn med at hønsene vart halde i hus etter såinga om våren til haustinga var overstått.

Alt arbeidet var ulønna.

På Stave og Vest-Vere er det tydeleg at gardsfuten skulle representera garden utad. I vedtekta for Stave frå 1800 kan det tydst som at når han hadde ærend for heile garden "enten ved lysningar ..nden nødvendigheder" og denne gjekk til Farsund, Bryne eller Prestegarden, då skulle reisa dekkast av oppsitjarane.

På Vest-Vere var gardsfuten garden sin representant overfor styresmaktene når vrakgods etter større havari skulle delast. Ellers skulle han:

- \* dela ut nye jordstykke til "flingretorv"
- \* leia og avgjera deling av torvmyra når det skulle føretakast nye delingar

Korleis tilhøva på Aust- og Vesthassel var, er litt uklare. Ansvaret for arbeidet vart overlata til dei ulike komiteane, og kasseraren si viktigaste oppgåve var å føra møtereferat og rekneskap. Om dei hadde gardsfut før dei byrja å føra rekneskap har eg ingen opplysingar om. Det som synest klart er at arbeidet var fordelt på komiteane som hadde ein representant for dei tre tunområda: Austhassel, Voan og Kåde.

Der gardfutvervet gjekk på omgang var det ingen fare for at gardsfuten skulle få for stor makt. Vilkåra for at dette skulle skje var større der gardsfuten sat i årevis. Eg har ikkje registrert nokon konflikhtar som vedkom gardsfuten. På Vest-Vere vart ordninga skildra som svært demokratisk (IFSK 2):

"I all kjent tid blir alle vedtak på marketinga gjort med vanlig stemmeflertall. Men alt foregår svært uformelt. Gardsfut er innleiar i saka, og så sier folk meninga si. Mens folket "kjepte frå seg", lodder futen stemninga, og når han meiner å vite flertallets meining sier han om lag slik "Well, så vert de slig" eller "... så gjere mi de slig (eller slig)" Dermed er saka avgjort."

Alle sakene vart avgjort etter fleitalet sin vilje. Men

kontrakta frå 1837 gjev tydeleg uttrykk for at futen kunne gje ordre til dei som ikkje overheldt gjeldande reglar.

På Nesheim på Lista, vart det vedteke i 1819 at gardsfuten skulle føra tilsyn med at alt vart halde i god orden.

På Nesheim i Granvin skulle bispene òg ha ansvar for å:

- \* tilsetja og føra tilsyn med gjetaren
- \* ha ansvaret for kassa og utbetaling av løpande utgifter
- \* avgje rekneskap ved nyttår og førestå valg av nye bispar

Ut frå tilgjengelege kjelder er det ikkje noko som tyder på at gardsfuten var tillagd noko makt over dei andre oppsitjarane. Kva som er tilfelle er ei anna sak. Det kunne vera høgst individuelt og var avhengig av den einskilde gardsfut.

Men gardsfuten kunne og verta trekt til ansvar om han ikkje skjøtta arbeidet sitt rett. Både Såten og Langlo (KJØLÅS 1954) hadde reglar om at han kunne bøtleggjast i så måte.

Det er ikkje usannsynleg at gardsfuten hadde fleire oppgåver enn kva som stod i vedtektene og forlika. Etterkvart som det oppstod nye oppgåver fekk han ansvaret for dei òg. Arbeid som gjekk greidt etter gjeldande reglar var det kanskje ikkje naudsynt å skriva noko om.

Vedtektene for både Frøysa og Austad hadde reglar om kva oppgåver som var tillagd gardsfuten.

### 6.3 Tittel

Titlane på desse omboda har variert og det førekom at det vart nytta ulike nemningar på ein og same gard. I kjeldene er det spesielt ordet tilsynsmann eller oppsynsmann som er nemnt.

Dette gjeld:

- \* Vere - 1806
- \* Nesheim på Lista - 1819
- \* Nesheim i Granvin - 1871
- \* Sæten
- \* Frøysa
- \* Stave - ca 1815 i protokollen

Desse orda skildrar godt kva ansvar som var tillagd desse leiarane. Dei skulle føra tilsyn eller oppsyn med garden sine fellessaker. Nemninga vart nytta i dei tidlegaste kjeldene og har truleg berre vore nytta i skriftleg samanheng.

På Lista har dei brukt nemningane markefut og gardsfut om ein annan, det har ikkje vore konsekvent bruk av tittelen.

I Stave sine protokollar er det sjeldan det vart nytta nokon tittel. Dei skreiv berre "modtog Torkel Biørnsen Regnskabet for Marken og for Stranden" eller "blev overlevert Tolli Vellemsen Markens Opsyn". Fyrst i 1911 vart "Fuden" nemnt. I undersøkinga til IFSK-3 vart det hevda at Stave hadde "garsfut".

Alt i 1837 vart "Markefogd" skrive i eit forlik på Vest-Vere. Mot slutten av 1800-talet dukkar det opp andre titlar og det gjeld dei gardane der gardsstyra er seinast tidfesta. Fleire gardar nytta gardsformann og nokre rekneskapsførar.

Aust- og Vesthassel har nytta kasserar og rekneskaps-førar, og det var denne garden som hadde det mest utbygde systemet med valg av folk til forskjellige oppgåver. For informanten var



nemninga "markefut" ukjent. Men i perioden 1906 - 1908 er ordet "myrefogd" nytta i samband med valg av ein tilsynsmann for beite og gjerde i myra.

Dei fleste gardane hadde som regel berre eit ombod, men på Aust- og Vesthassel var det mange. I 1906 t.d. valgte dei 16 personar til ulike verv av i alt 20 frammøtte. I dei fleste komiteane var det 3 personar, ein frå Austhassel, ein frå Voan og ein frå Kåde. Dette er einaste gongen titlane, som sannsynleg vart nytta på dei, er nedskrive:

"tarebytere" - deling av taren på fastlandet - 3 personar  
 "raunemænd" - gjerding og tilsyn med beite på Rauna 3 pers.  
 "auktionære" - auksjonering av taren på Rauna - 3 pers.  
 "veistyre" - arbeid og tilsyn med vegane - 3 pers.

I tillegg til desse kom då rekneskapsførar, myrefogd og 2 revisorar.

På Nesheim i Granvin vart det i vedtekta fastslått at det skulle velgjast to oppsynsmenn for kvart år. Bisp og underbisp har vorte nytta i dagleg tale, medan dei lengje nytta oppsynsmann i protokollane.

Ei litt anna nemning hadde dei på Musgjerd, her nytta dei ordet konge og kona hans vart tittelert for dronning.

På Frøysa og på Såten vart det sagt gardfut, noko som går att i dei fleste gardsstyra på Nord-Vestlandet. Spørsmålet er om ein kan leggja noko spesielt i dette ordet. I mange område av landet var det tidlegare vanleg å sei gard i staden for gjerde. Det kan tenkjast at nemninga gard i gardsfut har samanheng med gjerde, og at opphaveleg var det gardsfuten si oppgåve å ettersjå gjerda. Dersom denne tankerekkje stemmer er det ikkje usannsynleg at ordet gardsfut kan knytast til regelen i Magnus Lagabøte si landslov om at det skulle haldast grannastemne og gjerda synfarast på Halvardsmessedagen.

#### 6.4 Godtgjerdsle

Nokre gardar hadde den regelen at leiaren skulle ha ei form for godtgjerdsle for arbeidet sitt. Denne kunne vera i form av kontantar eller fortrinnsrett til utnytting av ein ressurs på garden.

På Aust- og Vesthassel og Midthassel var det vanleg med godtgjerdsle i form av peng

Aust-og Vesthassel starta opp med lønn til rekneskapsfører i 1901, den var då kr 5,- pr år. Etter kvart steig den til kr 10,- , kr 15,- og i 1971 til kr 30,- pr. år. Godtgjerdsle har no falle bort. Alle komitemedlemene på garden hadde og godtgjerdsle, denne vart lite regulert. Med tida vart det praksis i gardsstyra at arbeid som skulle utførast i fellesskapet vart lønna etter fastsatt timebetaling.

På Midthassel var det og ei fast årleg godtgjerdsle, no vert det ført timar og godtgjort med timebetaling for utført arbeide. Utgiftene vert dekkja i form av renteinntekter på innskot dei har i banken.

På Stave vart det betalt godtgjerdsle for markerekneskapen i 1905, men dette var eit eingongsføretak. Seinare vart det satt bort ein del arbeid som vart godtgjort på vanleg måte.

Utafor Lista var ordninga med godtgjerdsle ei anna. Der det var godtgjerdsle var den i form av utnytting av ein ressurs.

På Musgjerd hadde kongen krav på slåttan på eit engstykke som låg i fellesskap -"kongeriket"- (ØSTBERG 1928). Det same var tilfelle for Sæten og Bødal. I Djupvik var det knytta ein fiskrett til vervet.

Det var dei ferraste som hadde godtgjerdsle for arbeidet sitt. Og når det gjekk på omgang årleg var det ikkje naudsynt for

det vart utlikna etter kvart.

Langeland hadde ikkje noko form for godtgjerdsla, her vart vervet sett på som ei æressak. På Vest-Vere var det motsatt, her medførte vervet berre ubehagelegheiter. Det same kom fram andre stadar.

## 7 GARDSSTYRA I SEINARE TID

Med gardsstyra i seinare tid siktar eg til korleis utviklinga har vore for gardsstyra frå 1940 og fram til i dag. Eg har lagt lite vekt på innsamling av opplysingar om dette og kapitlet er skrive på grunnlag av protokollane og det eg fekk vita under intervjuinga.

Krigen førte til store endringar for bøndene på Lista, noko som tydeleg gjev seg utslag i markerekneskapa og protokollane. For det fyrste er protokollføringa meir ujamn i denne perioden, og for det andre vert det registrert nedgang i talet på dyr i marka.

Opplysingar om sjølve krigen kjem ikkje fram i protokollane, anna enn at både Aust- og Vesthassel og Midthassel får erstatning for tap dei har i samband med skadar som vert gjort på myrbeite, gjerde og stranda. Alt i 1943 fekk Aust- og Vesthassel utbetalt erstatning, men saka står ikkje omtalt i møteprotokollen. I 1944 vart det gjort vedtak om å engasjera advokat til å ivareta oppsitjarane sine interesser i ei skjønnsak. Det står ikkje noko om kva det gjeld. I 1945 vart det det fatta eit tilsvarande vedtak og det kjem då fram at det gjeld militærskadar. For Midthassel er det registrert at dei fekk erstatningsutbetaling i 1944/45.

Protokollføringa var ujamn i denne tida og ingenting om sjølve krigen vart nemnt, men på Stave var det ein stor nedgang i husdyrhaldet. Dette gjekk drastisk ut over økonomien. I 1943 var felleskassa tom og rekneskapan vart etter denne tid omlagt. Det vart då slik at dei som hadde dyr måtte betala for å sleppa dei på beite.

Protokollføringa for Vest-Vere hadde vore nokså ujamn før krigen. Under krigen førde dei protokoll berre i 1943 utan at noko spesielt vart nemnt.

Det store tidsskilje for gardsstyra ser ut til å ha kome rundt 1950, i samband med at strukturrasjonaliseringa i jordbruket byrja å gjera seg gjeldande. Etter krigen tok dyretalet seg sakte opp att fram mot ca 1950. Deretter gjekk det jamnt tilbake. Møta vart sjeldnare og nye saker dukkar etter kvart opp. Det vart fleire saker der gardsstyra forhandla med offentlege styresmakter. Spesielt galdt dette forsvaret sine utbyggjingar både i strandområda og myrområda til Aust- og Vesthassel og Midthassel.

Nedgangen i husdyrhaldet førte til at markerekneskapen etter kvart vart ei mindre viktig sak. Taresalget opphøyrde før krigen og på 1950-talet inngjekk fleire av gardsstyra avtalar med firmaet A/S Proton som driv med taretråling. Rettane er fortsatt felles då dei er haldne utafor i alle jordskifte.

Jamt over er det liten aktivitet i gardsstyra på Lista i dag. Nokon av dei har møte ein gong for året, andre har det sjeldnare. Det er få aktive bønder og mange av grunneigarane bur utabygds slik at det kan vera vanskeleg å få samla alle til møte. Mange av gardane er fortsatt prega av sterk teigdeling og jordleige er utbreidd.

Jamføre intervjuinga og spyrjeundersøkinga er det i dag veg- og kanaliseringsarbeid som dominerar arbeidet i gardsstyra. Gardsstyre på Borhaug har utvikla seg til ei velforening og tek seg i stor grad av saker som asfaltering av vegar, gateljos og kloakk.

Valg av gardsfut i dag skjer etter dagens demokratiske spelereglar. Einaste på Nesheim i Granvin går bispevervet fortsatt på omgang. Møta vert vanlegvis halde på nyåret.

På 1980-talet vart gardsstyra på Lista trekt inn i arbeidet med verneplanen for Listastrendene. I fylgje opplysingar frå Fylkesmannen si miljøvernaving i Vest-Agder, vart alle gardane i området pålagt å velgja ein representant som skulle

ivareta garden sine felles interesser overfor styresmaktene. For dei gardane som hadde gardsfut vart denne oppgåva tillagd han, men private eigar interesser vart haldne utafor arbeidet hans.

Enkelte ser gardsstyra som ein viktig sosial faktor i lokalmiljøet. I dag er det sjeldan naboar møtest og kjem saman. Dei årlege gardsmøta viktige som sosiale samkomer der naboane drøftar både saker som vedkjem garden og andre meir trivielle ting.

Seinare tids aktuelle saker for Nesheim i Granvin har vore byggjing av skogsveg og regulering av fisket i Granvinsvatnet. Ellers går det på gjerding og vegarbeid.

I Henjagrendi går sakene i dag stort sett på jakt og fiskerettar. I samband med kommunale tiltak som vedkjem felleskapet vert laget nytta som høyringsinstans, spesielt i bygningsrådssaker.

## 8 DRØFTING

Eg har valgt å dela drøftinga inn i to kapittel utfrå hovudmålsetjinga. Det fyrste tek føre seg på korvidt dei norske gardsstyra har hatt ei einsarta organisasjonsform. Det andre vil ta føre seg korvidt det fanst fellestrekk mellom gardsstyra og bylaga.

### 8.1 Samanlikning av dei norske gardsstyra

Eg har i dette kapittelet lagt opp til å drøfta fylgjande moment som eg meiner kastar ljós over kor vidt gardsstyra har hatt ei einsarta organisasjonsform og har valgt å ta det i fylgjande rekkjefylgje:

- 1 Er det råd å sei at gardsstyra har hatt einsarta retningslinjer å arbeida ut frå?
- 2 Tok gardsstyra seg av dei same oppgåvene og hadde dei ein einsarta måte å løysa dei på?
- 3 Har gardsstyra vore bygd opp på ein einsarta måte?

Ut frå ei drøfting av desse tre spørsmåla vil eg til slutt koma med synspunkt på sjølve hovudmålsetjinga, om kor vidt gardsstyra har hatt ei einsarta organisasjonsform.

1)

Er det råd å sei at gardsstyra har hatt einsarta retningslinjer å arbeida utfrå?

Dei opplysingane eg har fengje i samband med oppgåva tyder på at det var fleire måtar reglane for gardsstyra vart vedteke eller utforma på. Ser ein derimot bort frå dei gardsstyra på Lista som hadde reglar vedteke gjennom jordskifte, så er

reglane på mange måtar like.

Eg har tidlegare peika på at eg ikkje ser det som usannsynleg at gardar som låg i hopehav hadde ei mengd avtalar som regulerte forholda pågarden slik som t.d. på Stave. Tilhøva på Lothe underbyggjer dette, etter mi meining. Problemet er at det er vanskeleg å kunna påvisa kor vidt gardsstyra har hatt einsarta retningslinjer å arbeida ut frå. Dette grunngjev eg ut frå at det er sannsynleg at avtalane i stor grad ikkje vart nedskrivne, og dei som vart det, var i stor grad interne og vart dermed ikkje registrert i offentlege arkiv.

Oppgåva viser likevel at gardsstyra har hatt reglar å arbeida etter som har vorte vedteke eller utforma på ulikt vis. Det er ikkje noko som tyder på at det har vore faste normer for utarbeidinga av regelverket. Likevel viser det seg at dei reglane som finst i dei ulike regionane ber preg av likskap.

Det gjeld t.d. Stave si vedtekt frå 1800 og Nesheim i Granvin si vedtekt frå 1881. Om det er tilfeldig at baa vedtektene har reglar for valg av gardsfut og kva oppgåver han skulle ta seg av skal eg ikkje sei noko om. Det eg kan sei er at det er lite sannsynleg at det har vore noko form for kontakt mellom desse to gardsstyra. Eg har ikkje funne teikn som tyder på at dei er utarbeidde etter same lest.

Slik reglane for Lothe er framstilt tyder det på at arbeidet var like godt organisert der som på Stave t.d. Hadde det ikkje vore for at det var skrive bok om garden, så ville det truleg ha vore vanskelg å påvisa at det hadde eksistert ei slik styringsforma dei hadde på garden.

I kor stor grad kan ein så forventa at avtalane var like? Noreg hadde ikkje lovreglar eller vedtekter som regulerte samarbeidet i klyngjetuna. Det var opp til dei einskilde gardane å avgjera korleis dei ville organisera samarbeidet



sitt. Dette resulterte i ulik praksis.

2)

Har oppgåvene gardsstyra tok seg av vore dei same og hadde dei ein eins måte å løysa dei på?

Den viktigaste saka gardsstyra tok seg av har utan tvil vore regulering av beite. To viktige faktorar som kjem inn m.o.t. reguleringa av beita var anten gjerding eller beiting eller kanskje både delar.

Måten dei regulerte t.d. beiteretten på var lik - dei heldt seg etter gjeldande lovreglar. Dette var dei viktigaste lovreglane som regulerte tilhøva mellom grannar i det gamle bondesamfunnet. Dersom oppgåvene ikkje var regulert ved lov, fastsette dei eigne reglar sjølve. Inntrykket er at i prinsippet så var alle oppsitjarane med på å avgjera sakene som oppstod.

På Lista hadde dei i tillegg regulering av tarerettane som ei anna viktig sak. Det verkar sannsynleg at ressursituasjonen på garden var avgjerande for kva saker dei tok seg av, og det har variert nokså mykje kva dei gjorde. Ei anna sak er at eg i stor grad har måtta halda meg til dei sakene som er dokumenterte gjennom protokollar og andre dokument.

Opplysingane om Vest-Vere og Lothe viser at gardsstyra kan ha teke seg av langt fleire saker enn det som er dokumentert. Det viser seg òg at arbeidsoppgåvene til Stave og Vest-Vere var nokså samanfallande. Skilnaden er at eg har funne opplysingane om Stave i skriftlege dokument, medan opplysingane om Vest-Vere byggjer på muntlege kjelder. Dette indikerar at det er vanskeleg å få ei fullstendig oversikt over kva arbeidsoppgåver gardsstyra tok seg av. At dei forskjellige gardsstyra kanskje hadde nokså ulike arbeidsoppgåver vil ikkje sei at dei var ulike på nokon måte. Tvert imot så viser det seg at gardsstyra ordna seg etter

tilhøva som dei var på garden. Reglar for løysing av arbeidsoppgåver har oppstått etter kvart som sakene oppstod.

Twistane løyste dei i stor grad internt, så langt so råd. Ein ser korleis dei reagerte på brot mot reglane på Lothe og Nesheim i Granvin. Det var nok med å hengja ut folk. Var det derimot påkrevd med fastare reglar for noko så var dei ikkje i beit for å vedta slike. Dette viser t.d. alle avtalane frå Stave, Vest-Vere og Aust- og Vesthassel

Hovudinntrykket er at gardsstyra løyste twistane sine minneleg så langt som råd, men var det påkrevd så gjekk dei til offentleg domsmynde med dei. Dette viser seg som oftast å vera trugsmål. Derimot ser det ut til å ha vore meir vanleg å løysa konflikhtar med utaforståande interesser gjennom offentleg domsmynde.

3)

Har gardsstyra vore bygd opp på ein einsarta måte?

Eg vil her gå inn på korleis gardsstyra har vore bygd opp som "organisasjon". Eg siktar då til kva reglar som galdt for gardsmøta og gardsfuten.

Det er tydeleg at gardsstyra var ei klart avgrensa eining som var knytta anten til ein gard, eit tun eller til gardar som på anna måte hadde ei form for fellesskap. Bealaga si avgrensing var meir betinga av talet på vaksne personar. Grensene for dugnadane varierte etter kva slags arbeid som skulle utførast.

Eg har i framstillinga vist til at gardsstyra hadde meir eller mindre faste samlingar der dei kom saman for å drøfta saker som vedkom fellesskapet. At oppsitjarane på same gard eller i same tun kom saman på denne måten har ikkje vore uvanleg.

Etter Magnus Lagabøte si landslov skulle gjerda vera satt i stand til Krossmess 3. mai - og dei skulle synfarast

Halvvardsmessedagen - 15.mai. På Stave og Vest-Vere er det tydeleg at gjerda måtte vera satt i stand til Krossmesse. Då skulle buskapen sleppast i marka og på Stave skulle årets gardsfut overta tenesta si.

Det er ikkje usannsynleg at det hadde utvila seg ein regel om at dei samtidig synfarte gjerda og hadde samling denne dagen istaden for på Halvardsmesse. Som eg tidlegare har vist til så hadde bøndene på Sekse i Ullensvang sin "gjerdedag" 22. mai. Det viktigaste er at arbeidet vart gjort innan den tid bøndene meinte det høvde best å sleppa dyra på beite. Det kan vera at det fanst regionale skilnader på dette området.

Eg har no kome inn på vilkåra for at gardsstyra er ein gamal skipnad med utgangspunkt i gamle lovreglar om at bøndene skulle koma saman for å halda grannestemne. Det er ikkje usannsynleg at gardsmøta, slik dei har vorte framstilt i denne oppgåva har vakse fram frå grannestemna, og at dei har utvikla seg noko forskjellig - tilpassa lokale og regionale forhold. Om dei hadde eit eller fleire møte for året er av underordna tyding. Det viktigaste er at dei hadde reglar eller rutinar for kor å koma saman og drøfta oppgåver dei måtte løysa i fellesskap. Kvar møta var meiner eg og er underordna så lengje det her òg fanst ein regel for kvar dei skulle vera. At det var lokale og regionale skilnader er heilt naturleg, det finn ein òg i dagens organisasjonsformer.

På Lothe er det tydeleg at dei kom saman etter som dei følte for det. Sannsynleg kan dette ha vore utbreidd på mange gardar. Gardsstyra som har ført protokollar kan visa til at dei hadde ei fast tid på året dei kom saman for å gjera opp rekneskapen, og overlata den til den som skulle ha ansvaret det neste året. Likevel er det ikkje usannsynleg at dei kom saman òg drøfta forskjellig saker ellers i året.

Eit anna fellestrekk ved gardsstyre-institusjonen er at ansvaret for felles arbeid i stor grad vart delt mellom

oppsitjarane på ein eller annan måte.

Framstillinga viser at det har vore ulike måtar gardsstyra vart leia på og korleis ansvaret vart fordelt. Eg skal no klarleggja om det dreiar seg om eit eller fleire system.

Det vert hevda at det er utenkjeleg at det har funnest eit system på gardane i Nordfjord der ansvaret for visse fellestiltak var leia av ein person ut frå tankegangen om at samfunnet var prega av at ingen skulle stikka seg fram. For meg verkar det som at gardsstyre-systemet var egalitært. Ansvaret for fellestiltaka gjekk på omgang, på det viset var det ingen som stakk seg fram - systemet innebar at oppsitjarane stod på same nivå.

Gardsstyret på Lothe var egalitært slik det vert framstilt, det same er tilfelle med Nesheim i Granvin. Derimot kan det verka som om at det er ein myndigheitsperson som har leia arbeidet i Henjagrendi i Leikanger. I ein del kjelder har det kome fram at det ofte var ein mann som i kraft av si mynde eller posisjon tok styringa på garden eller i tunet. La meg ta dømet om Per Veian i Todalen på Nordmøre, som sette i gang og leia alle nye tiltak på garden. Det er ikkje usannsynleg at garden frå gamalt av hadde reglar om sams tiltak og at ansvaret for desse gjekk på omgang mellom oppsitjarane. Det same kan ha vore tilfelle i dei høva der det gjennom IFSK sitt materiale tydeleg kjem fram at det ikkje var uvanleg med ein mann som peika seg ut i kraft av si mynde eller på annan måte. Dette kunne like gjerne vera slike som Per Veian - framtøknemenn med utprega leiareigenskapar - men dei leia langt frå alt arbeidet på garden. Sjølv om Lothe vert framheva som det store idealsamfunnet - utan fast leiar - hadde dei der òg sine sterke menn.

Kjeldematerialet som eg har gjennomgått viser tydeleg at det var vanleg at gardsstyra utafør Lista hadde ein person som leia arbeidet. På Lista var det som regel same personen som

kunne ha vervet i fleire år på rad. Likevel var det vanleg med valg i dei fleste gardsstyra.

Til og med på Aust- og Vesthassel der arbeidsoppgåvene vart fordelt på mest alle oppsitjarane var det vanleg å ha valg kvart år. Alt i 1849 i samband med utskiftinga på Rauna kan det tyda på at ansvaret for arbeidet skulle gå på omgang. I utskiftinga av 1857 kjem dette heilt klart fram. Då vart ansvaret fordelt på tre personar i fellesskap - ein frå kvart av dei tre tunområda. I utskiftinga på Maberg i 1848 vart det vedteke reglar for valg av "markefogd".

Kva som var tilfelle for dei gardane der tradisjonen med gardsstyre var eldre enn jordskiftereglane er vanskeleg å sei noko om. For Nesheim på Lista kan det tyda på at jamføre forliket i 1819 vart det teke inn reglar om at det skulle velgjast ein ny mann kvart år som skulle føra tilsyn med arbeidet. Etter mitt syn tyder dette på at det kan ha vore meir utbreidd at gardsfot-vervet gjekk på omgang på Lista i tidlegare tider. det er då mogeleg at jordskifte kan ha påverka ei endring i dette forholdet.

Det er tydeleg at det var husbonden på det einskilde bruket som møtte på desse samlingane, men at kvinner kunne møte om dei dreiv garden aleine. På Lothe vert det framheva at det var mennene som samla seg på tunet til samråding. Det kan vera at einskilde gardar hadde ein regel om at dei var representert med ein mann uansett. Sjølv om eigaren var ei kvinne fanst det i dei fleste tilfella ein mann på garden.

Gardsfuten som institusjon stod på ingen måte over dei andre oppsitjarane, han var berre satt til å ivareta visse felles oppgåver. Det som peikar seg ut er at gardsstyra ikkje hadde nokon eigentleg sjef, derimot kunne gardane ha sine "sterke menn".

Hadde så dei norske gardsstyra ei einsart organisasjonsform?

Fyrst må eg klarleggja kva eg meiner med ei einsarta organisasjonsform. Etter mitt syn så må ein vera varsam med å trekkja parallellar til dagens organisasjonsstruktur, der det meste av reglane er fastslått av eit overordna nivå. Skal ein vurderer ei organisasjonsform som gardsstyra må ein etter mitt syn sjå på det heile i meir grove trekk - nemleg rammene for det heile.

Eg vil fyrst ta føre meg i kor stor grad ein kan forventa at gardsstyra var like ved å ta utgangspunkt i dei danske og svenske bylaga. Det viser seg at bylaga ikkje var noko homogen masse. Det var vidt forskjellig kva oppgåver dei tok seg av og korleis dei var organisert. Ofte viser det seg at variasjonane var geografisk betinga. I og med at Noreg ikkje hadde lover som regulerte det organiserte samarbeidet i klyngjetuna så kan ein ikkje utan vidare forventa fullt så sterke likskapstrekk som det var for bylaga i Danmark og Sverige.

Vedtektene for dei danske landsbyane og dei svenske byane var langt frå like. Offentlege lover og reglar gav rammene for dei, men bylaga sto nokså fritt til å utforma sine egne vedtekter. Meyer hevdar at dei danske vedtektene til ein viss grad viste idealbiletet av forholda i landsbyane.

Det verkar som om at det har vore variasjonar på korleis gardane organiserte samarbeidet sitt. Eg trur ikkje ein kan sei at det var nokon einsarta måte. Gardane ordna tilhøva internt som det høvde. Likevel synest det som om at det er ein del felles trekk som går att. Gardane organiserte samarbeidet sitt, at dei ikkje hadde formelle avtalar som på Stave meiner eg er av underordna tyding så lengje oppsitjarane gjorde avtalar seg i mellom. Styringsstrukturen dei hadde var flat, dei hadde ingen eigentleg sjef, men ein som var tillagd ansvaret for fellestiltaka, og eg ser ikkje nokon motsetnad i

at det var ein som merka seg ut sterkare enn dei andre, og som tok leiinga i ein del saker.

Likeeins var det viktig at dei hadde ein felles samlingsstad, at det har vore varisjonar på dette området har ikkje noko å sei etter mitt syn.

Det viktigaste etter mitt syn er at gardane hadde eit organ for felles styring, ein samlingsstad, ein rutine for å koma saman å drøfta oppgåver som vedkom dei alle. Garden eller tunet som eining i organisasjonen er essensen saman med den flate styringsstrukturen og løysing av fellesoppgåver som fylgje av hopehavet. Reglane for arbeidet er like trassi variasjonar. Skipnaden ber preg av at ramma rundt den er svært lik, og etter mitt syn meiner eg at det som er vist til i denne oppgåva ber preg av at måten arbeidet i klyngjetuna har vore organisert på har mange sterke fellestrekk.

Materialet er for så vidt lite, men det eg har dekker eit forholdvis stort geografisk område. Om eg meiner det her er tale om mange felles trekk, så seier eg ikkje med det at alle klyngjetuna i Noreg var organisert på denne måten, men ein del av dei var det. Eg trur ein fann store både lokale og regionale skilnader i korleis bøndene organiserte samarbeidet sitt i det gamle bondesamfunnet.

## 8.2 Fellestrekk mellom gardsstyre og bylag

Eg vil i denne drøftinga ta utgangspunkt i skilje som fanst mellom gardsstyra og bylaga når det gjeld vilkåra for dokumentering av dei.

Sverige og Danmark hadde lover og vedtekter som gav reglar for samarbeidet i landsbyane og i byane i dei to landa. Det seier seg sjølv at vilkåra for å kunna dokumentera dei må ha vore

betre der enn kva som har vore tilfelle for dei norske gardsstyra. Samanliknar ein dokumentasjonsmengda for gardsstyra og bylaga, så er gardsstyra i klar undervekt. Likevel meiner eg at det etter den framstillinga eg har hatt av gardsstyra, kan seiast om der finst einiskilde fellestrekk mellom dei.

Danske og svenske bylag var ikkje noko einsarta organisasjonsform. Bylaga i Danmark var mange stadar påverka av gildeskikken og i Sverige var dei påverka av sognestevna. Bylaga var minst utbreidd i område der talet på einbølte gardar var høgt. Kor vidt gardsstyra var påverka av gilda, ligg utafør denne oppgåva å svara på. Det som synest er klart er at både organisasjonsformene var knytta til bondesamfunnet. Gardsstyra og bylaga var samarbeidsorgan på gardar med utbreiddt hopehav.

Regelen om grannastemne på Hallvardsmessedagen var den einaste som gav reglar om samarbeid i Noreg. Tilsvarande regel finst òg i dei danske landskapslovene og vert knytta til bylaga sin eksistens. Det er ikkje usannsynleg at desse to reglane kan knytast til kvarandre, dersom dei kan det då er det eit spørsmål om me her i landet har hatt reglar for samkome på gardane tilsvarande det danske og svenske landsbyar hadde.

Reglane for dei danske og svenske bylaga varierte sterkt og vart som oftast tilpassa dei einiskilde landsbyane. Dette må òg ha vore tilfelle for gardsstyra. Likevel er det mange felles trekk. Oppgåver som var svært viktige for både var regulering av beitet.

Styringsstrukturen var flat, gardsfutan og oldermennene var berre ombudsmenn, dei var på ingen måte tillagd noko makt over dei andre. Leiarvervet gjekk som regel på omgang, og oppgåvene deira var fyrst og fremst å sjå etter at gjeldande reglar vart overhalde. Dei var på ingen måte satt til å styra over dei andre oppsitjarane. Derimot kunne dei representera



garden utad. Dette viser seg å vera tilfelle både på Stave på Vest-Vere.

Bylaga hadde reglar om korleis det skulle reagerast dersom oldermannen gjekk ut over dei oppgåvene han var tillagd, det same ser ein er tilfelle for nokre av gardsstyra i Noreg.

Kjelde materialet viser at bylaga i Danmark i liten grad vart fanga opp av offentlege arkivdokument når ein utelukkar vedtektene. Dette tyder på ei sterk indre organisering, noko som er råd å overføra til Stave t.d.

Kor vidt gardsstyra har ivareteke rettslege oppgåver slik som bylaga i Danmark gjorde er uklart, men det er tydeleg at gardsstyra løyste tvistane sine internt så langt som råd, noko som var vanleg i dei danske bylaga og.

Om materialet er lite er hovudtrekka i den styringsforma som dei gardsstyra eg har lokalisert i denne oppgåva, på mange måtar svært lik bylaga si organisasjonsform.

## SAMANDRAG

Denne framstillinga er ei analyse av organisert samarbeid i klyngjetuna. Utgangspunktet for oppgåva er at det har vore ålment kjent at dei danske landsbyane og dei svenske byane haddde si organisasjonsform som har vorte kalla bylag. Føremålet med denne oppgåva har vore å finna ut om dei norske klyngjetuna har hatt noko liknande. Eg har spesielt teke føre meg Lista som har peika seg ut som eit kjerneområde, og la det meste av feltarbeidet dit. Dei andre gardsstyra lokaliserte eg ut frå undersøkinga til Institutt for Sammenlignede Kulturforskning og eksisterande litteratur.

Eg tok utgangspunkt i folkelege organisasjonsformer som fanst i bondesamfunna i Noreg, Danmark og Sverige frå mellomalderen og inn i nyare tid.

Bylaga i Danmark og Sverige hadde vedtekter som bygde på offentlege lover og reglar. Dette var ikkje tilfelle for gardsstyra. Likevel viser det seg at gardsstyra på mange måtar har hatt like reglar å arbeida etter m.o.t. organisering av felles interesser. Dei hadde gjennomgåande ein flat styringsstruktur, med ein fast leiar som eigentleg ikkje hadde noko mynde. Dei hadde faste møte der oppsitjarane kom saman for å diskutera og for å gjera opp rekneskapen. Viktigaste sakene for gardsstyra var regulering av beiterettane. På Lista hadde dei i tillegg regulering av tarerettane. Gardsstyra omfatta som regel ein gard. På mange måtar kan ein sei at dei utgjorde ei einsarta organisasjonsform.

Gardsstyra og bylaga hadde fleire fellestrekk både når det gjaldt styringsform og arbeidsoppgåver.

## LITTERATUR:

### TRYKTE KJELDER

- ALVER, B., 1980, Dag og merke, - folkeleg tidsrekning og merkedagstradisjon, 2.utg., Universitetsforlaget
- BJØRKVIK, H. OG HOLMSEN, A., ??, Gardsskipnad i Sogn og Fjordane for 150 år sidan, Historielaget for Sogn.
- BØTHUN, P.H., 1965, Leikanger Bygdebok, gardssoga ,Leikanger bygdeboknemnd.
- ERIXON, S., 1953/54 i Erixon 1978, Byalag och byaliv, Nordiska Museet, Sigurd Erixon kommittèn, Utgjeve til minne om 90-års dagen for hans fødsel, Kristianstads Boktrykkeri A.B., Kristianstad, Sverige
- GREND AHL, T. og SOLBERG, G. I T. Grendahl red., 1959, Jordskifteverket gjennom 100 år, 1859-1958,
- HOLMSEN, A., 1952, Gardsskipnad i Rogaland for 150 år sida, Ætt og Heim, Rogaland Historie og Ættesogelag.
- HOLMSEN, A., m.fl. 1956, The old norwegian peasant community, IFSK, Oslo, særtrykk frå The Scandinavian Economic History Review
- HOLMSEN, A., 1979, Gård Skatt og Matrikkel, Universitetsforlaget, Oslo
- JOHNSEN, O.A., 1936, Norges Bønder Utsyn over den norske bondestands historie, 2. rev. utg., H. Aschehoug & Co (W. Nygaard)
- KIIL, A., 1969, Arkivkunnskap, Statsarkiva, Universitetsforlaget
- KJØLÅS, G., 1954, Stranda Bygdebok, I, Gard og Grend, Mindor Bolsø & Co A.s. Trykkeri, Molde
- KOLLTVEIT, O. 1977, Granvin, Ulvik og Eidfjord, bd II, bygdesoga
- KULTURHISTORISK LEKSIKON FOR NORDISK MIDDELALDER, 1956-1976, Gyldendal Norsk forlag
- KVALEM, H., 1967, "Hardanger" bd.V, Hardanger Historielag
- LARSEN, A.K., 1981, Frøysa i Sunnlyven. Naboskap på et vestnorsk mangbølt klyngetun i historisk og komparativt perspektiv, Magistergrads-avhandling ved Ist. for Sosialantropologi, Universitetet i Oslo

- LOEN, O., 1979, Garden og ætta, Sjurebruket i Loen  
(gnr.70, bnr.6 Loen i Stryn), trykt i Oslo 1979  
(bibl. på Riksarkivet)
- LOTHE, A., 1958, Soga um Lothe i Nordfjord, Kosta og gjevi ut  
av Lotsarane og andre ætta frå Lothe
- MEYER, P., 1949, Danske bylag, Nyt Nordisk Forlag Arnold  
Busck, Kjøbenhavn, Danmark
- OPEDAL, H., 1954, Makter og Menneske, Folkeminne frå Hardanger  
VIII, Norsk Folkeminnelag nr.73, Oslo
- ROBBERSTAD, K., 1969, Gulatingslovi, umsett frå gamalnorsk, 3.  
utg., Det Norske Samlaget, Oslo
- ROBBERSTAD, K., 1976, Rettssoga I, 3. rev. utg., Universitets-  
forlaget, Oslo-Bergen-Trondheim
- RUDJORD, K., 1980, Listaboka I, Gard og Folk, Farsund kommune
- RUDJORD, K., 1981, Listaboka II, Gard og Folk, Farsund kommune
